

TERJE KLEIVEN

# LALM SAMFUNNSHUS SAMLINGSPUNKT GJENNOM 60 ÅR



Forord	3
Lalms Historie	4
Ei glipe millom fjellveggjom	7
Vonheim og losjehuset Høgsyn	8
Eit hus blir til	21
Opningsfesten 25. oktober 1958	Æresmedlemmer
Æresmedlemmer	Fryseri og hakkerom
Fryseri og hakkerom	Bruken av huset dei første 10
Bruken av huset dei første 10	åra. Entusiasme på prøve
åra. Entusiasme på prøve	Frå Rosmersholm til Bjørnson
Frå Rosmersholm til Bjørnson	Benjamino Gorillo og GU-mesterskap
Benjamino Gorillo og GU-mesterskap	Basar, blindesakskveld og juletrefest
Basar, blindesakskveld og juletrefest	Lalm – dalens festhovudstad
Lalm – dalens festhovudstad	Fest på Lalm – Av Trond Halle
Fest på Lalm – Av Trond Halle	Så samles vi på valen
Så samles vi på valen	Kom mai du skjønne milde
Kom mai du skjønne milde	Vaktmester – ei viktig rolle
Vaktmester – ei viktig rolle	Samfunnshuset – vår idrettshall
Samfunnshuset – vår idrettshall	Bingofeber
Bingofeber	Påkostningar, økonomisk tron-
Påkostningar, økonomisk tron-	grum og støttelag
grum og støttelag	Bygdakino
Bygdakino	Frå gammal jegermarsj til tyrolerjenter
Frå gammal jegermarsj til tyrolerjenter	Folkeboksamling og doktorkontor
Folkeboksamling og doktorkontor	Den siste store rehabiliteringa 2013-2015
Den siste store rehabiliteringa 2013-2015	Lalm samfunnshus inn i framtida
Lalm samfunnshus inn i framtida	

# FORORD

Hausten 2018 er det 60 år sidan Lalm samfunnshus stod ferdig – etter fem og eit halvt år med planlegging og halvanna år med bygging. Det er derfor all grunn til å reflektere over kva dette huset har hatt å seia for Lalm og folket som bur i kretsen gjennom alle desse åra. Saman med butikken og skulen har samfunnshuset vore sjølve ”navet” i grenda vår. Det har vore møteplass der folk har samlast til 1. og 17. mai-feiring, til fest og moro, til bryllaup og konfirmasjon, til etterpålag når nokon har gått bort, til musikkøving og trenings, konsertar, film, revy og teater. Her har folk i alle generasjonar hatt noko felles. Her har skulen hatt kroppsøving og tilstellingar, her har pensjonistane og andre lag- og foreiningar hatt sine møter, her har det vore basarar.

Samfunnshuset har gjennom tida hatt ulike funksjonar i tillegg til å vera møteplass. I mange år var det både bibliotek og doktorkontor. Her kunne dei også lagre kjøttmat på fryseriet, eller folk kunne møtast fredagskveldane for å ta helgebad i ei tid dei færreste hadde moglegheit for slikt heime. Slik sett fortel samfunnshuset si historie også noko om den utviklinga som har skjedd i bygda og i samfunnet elles.

I eit jubileumshefte er det naturlegvis uråd å få med alt. Vi har valgt å skrive nokså utfyllande om sjølve ideen, planlegginga og prosessen fram til huset stod ferdig. I tillegg tek vi for oss nokre av dei ombyggingane og endringane som vore opp igjennom tida. Og naturlegvis hører det med dei funksjonane huset har hatt og det innhaldet som har vore gjennom lag- og foreiningar, skulen og andre offentlege instansar, så vel som einskildhendingar. Så godt det let seg gjera har vi prøvd å dokumentere mykje av dette gjennom bilder. Det har også vore naturleg å kaste nokre tankar bakover i tid – den gong Vonheim og losjehuset Høgsyn var forsamlingslokale på Lalm.

Redaksjonskomiteen rettar ein stor takk til alle som har bidrige til at dette hefte har kome i stand. Det gjeld både til dei som har gjeve økonomiske bidrag så vel til dei som har kome med stoff og tips eller stilt fotografi til disposisjon. Stor takk til dykk alle.

Lalm, september 2018  
Redaksjonskomiteen

Jorunn Løkken

Rune Borgan Isaksen

Terje Kleiven



Samfunnshuset. Foto: Ida Visdal Kolden, IVK Design

## Lalm Samfunnshus SA presenterer Lalms historie

### Vasskraft (Skovlhjul)

Dette representerer vasskrafta, som har vore ein viktig del av Lalm sidan 1916.

I 1916 vart Eidefoss Kraftanlæg Aktiesel-

skap stifta, og alt i desember 1917 vart det første aggregatet sett i drift. I 1920 kom det andre aggregatet, og frå da av produserte kraftstasjonen årleg ca. 10 gwh. Kraftmengda er den same som i dag går med til 400 eineboligar. Den første strømmen vart levert på eit linjenett frå Vågåmo til Otta, samt ein linje til Bårstad. Kraftverket i Eidefossen er modernisert fleire gonger m.a. i 1983 og 2004 og produserer i dag ca 70 gwh.

I dag er Eidefoss eit interkommunalt selskap med 5 kraftverk og produserer cirka 365 gwh årleg strøm, har 8 transformatorstasjonar, 996 transformatorar og meir enn 2700 km linjenett. Selskapet har cirka 75 tilsette og forsyner cirka 12.500 kundar.

[www.eidefoss.no](http://www.eidefoss.no)



### Kvennstein

Dette representerar hardt arbeid

Skriftelege kjelder viser at det var drift allereie på 1400-talet, men det er svært sannsynleg at det vart produsert kvernsteinar så langt attende som i vikingtiden. Frå Kvennberget vart levert stein både i Norge og til andre land. Kvennberget vart freda som kulturminne i 1987.

Fram til 1640 var Tolstad med Kvennberget krongods. Det var ope for alle å hugge kvernsteinar så lenge eigaren fekk kvar fjerde stein i betaling (dette varierer noko etter tida). Frå 1830-åra var denne verksemda populær som vinterarbeid. Folketalet auka mykje i denne tida, og

det var vanskeleg å livnære seg for mange. Kvennberget på Lalm er ein av fem plassar i landet som har vore med i eit nasjonalt prosjekt knytt til utvinning og bruk av kvennstein.

[www.lalm.no](http://www.lalm.no)



### Bårstad

Dette representerer industriarbeidsplassen og var ein av dei viktigaste industriane i heile Gudbrandsdalen.

Tidligare var utnyttinga av dei mange kleberbrota stor sett knytta til grunneigarane. Brota vart drivi somn tilleggsnæring til garden, muligens med leid hjelp i perioder.

I 1850-åra vart vegane i distriktet vårt utbetra og 1896 vart jernbana ført fram til Otta. Dette var med på å leggje tilhøva betre til rette for steinindustrien. Norway Talcmill begynte stordrift av kleber på Bårstad i 1912, men etter at mølla brann ned trekte dei seg ut og A/S Østlandske Stenexport overtok i 1915. Dei bygde ny klebermølle for talkumproduksjon og ei 6,7 km lang taubane over Åsen til Nord-Sel.

På Sagflaten bygde dei omnsverkstad og anlegg for foringsstein til celluloseindustrien. Ei tid etablerte dei også fleire verk-

semder på Otta m.a. stålverk og anlegg for dolomittstein. Mesteparten av produksjonen på Bårstad og Sagflaten gjekk til eksport.

På det meste sysselsette A/S Østlandske Stenexport ca 100 mann. Anlegget på Sagflaten vart fløtt til Otta i 1982 og verksemda på Bårstad tok slutt i 1988.

[www.lalm.no](http://www.lalm.no)



# EI GLIPE MILLOM FJELLVEGGJOM

*“Ho ligg der som ei trong glipe millom fjellveggjom, og står ein ned i botnen ser det ikkje ut til å finnast op til nokor leid. Lengst ute set Andershøi og Veggjems Kampen ekslane i hop, og øvst i andre enden steingjer Hovdaspiggen og Rottemoksli. I millom desse fire ris høge høir beint i vere på både sidur av glipa. Her har fjelli stengt vel att og tenkt dei skulde halde soli ute frå denne fletten so høgt, vissa som midtlies. Men det glatt no lell: Det vart eit skard her og ei skorte der i høbrunom på austsida, og i dei passar soli på kvart år, helsar blank og blid ned i trøngja når ho har vore burte millom 15 og 21 vikur”.*

Slik skildrar Ivar Kleiven heimegrenda si. Og slik har vel lagnaden vore for folket her på Lalm i generasjon etter generasjon. Men folk har klora seg fast, og greidd seg. Og det er særleg fire naturgjevne ting som har gjeve livsgrunnlaget. Eit aktivt og godt jord- og skogbruk som har vore der til alle tider. Frå 1300-talet til mot slutten av 1800-talet vart dette spedd på med kvernsteindrift. Og på mesteparten av 1900-talet var det kleberindustrien på Bårstad som gav mette og utkomme til folk. Og frå 1918 gav Eidefossen ljós og kraft til hus og verk over store delar av distriktet.

I desse trongrumme har det også vaks fram kunstnarar, idrettsfolk og handverkarar og andre som her sett merkje etter seg. Det er nok å nemne namn som kunstmålar Olav Hanslien, Skogumsbrør-


ne, Eidekarane og Ola Skogheim på fele. Likeeins har olympimester Håkon Brusveen og topputøvarar som Arne Barhauen og Marit Mikkelsplass sterke røt frå her. Edvard Bakkom og Orrhaugkarane har ført rike handverkartradisjonar vidare. Og sist men ikkje minst er verd å nemnast bygdahistorikaren Ivar Kleiven som kom på andre plass da det 19. hundreårs døler skulle kårast.

Og kulturtradisjonane blir ført vidare. Få har i dag slik drag på toradaren som Øyvind Sandum eller onkelen Finn Sandum som skriv vare dikt. At korpsmusikken lever og ungdom finn saman i bluegras og idrett er ein kvalitet ved grendasamfunnet som gjev von. Og dugnadsånda rår, slik det har gjort til alle tider. Det er det som har gjort at nye ting har vorte skapte,



Lalm – ei glipe millom fjellom – her sett frå Ottdalshø'n.  
Foto: Terje Kleiven

Gamalt motiv frå Lalm med S. Bråtens Landhandleri ved bruenden, Vonheim opp til venstre og losjehuset Høgsyn som det kvite huset ovafor.



Losje Eidsfossen vart stifta i 1912. Losjehuset Høgsyn vart sett opp rundt 1920 og vart ein fin tilvekst til foreningslivet på Lalm.  
Foto utlånt av Kari Bjørkheim

at ein har overlevd.

Av og til skjer hendingar som står som merkjestolpar i generasjonar. Ein tørr-sommar, ein storflaum eller som da ny-vegen oppover vest for Lalm kom i 1861. Slik var det da brua over Otta-elva ved Eidefossen (1913) og Lalm kom, hendin-

gar som batt saman solside og bakside på ein ny måte. Ei slik storhending kom også i 1958 da lalmingane kunne opne dørene til eit flunkande nytt samfunnshus. Det er det dette hefte skal handle om. Men det låg også ei lang historie bak.

## VONHEIM OG LOSJEHUSET HØGSYN

Som ei vidareføring av Otdalen samtalelag, som kom i stand i 1879 vart det stifta ungdomslag på Lalm i 1894 under namnet Lalm og Otdalen ungdomslag. Alt i 1901 fekk laget bygd forsamlingshus på baksida rett ovafor butikken til Syver (Sjugurd) Bråten. Vonheim, som det vart heitande, var eit enkelt reisverkbygg med storsal, scene, garderobe og kjøkken. Under kjøkkenet var det kjellar. Det var ikkje innlagt vatn så det laut hentast med vass-sela frå Rinda som rann like sør for Vonheim. Og skulle du på toalettet laut du nedpå utedassen til Bråten. I storsalen stod ein smal og høg vedomn. Når det var på det kaldaste om vinteren kunne det vera gloheitt innved omnen, gjekk du midt utover golvet kunne du fryse.

Det er lett med dagens augo å tenkje seg at Vonheim var eit stusseleg forsamlingshus, men i si tid var det nok gildt. Det var her på Vonheim at dei avgjera-

de møta vart halde da Sel og Heidal skilde lag med Vågå i 1907 – den gong Lalm var det geografiske midtpunktet i det gamle prestegjeldet.

Her var det dansefestar om kveldane, basar i ny og ne, møter og andre tilstellingar. Rundt 1950 var det filmframvisningar på Vonheim. Hit kom sjølvaste Sigbjørn Bernhoft Osa, mesterspelemannen frå

*Lalm og Otdalen ungdomslag hadde  
basar den 12. februar 1905  
og der var mange folk.  
God ordur og feist dans,  
flere fraa Sel og Heidal.  
Basaren vart reddig støndagen 12.  
og gav u innkomme i nivå. Kr. 30.  
Som 112 var betalt til karbene*

Vonheim vart sett opp av Lalm- og Otdalen ungdomslag i 1902.  
Faksimila viser resultatet av ein basar den 12. februar 1905.

Voss, for å ha kurs med lokale spelemenn. Og nokre år seinare kom Ursus – den islandske bjørn som han vart kalla – for å vise sine krefter. Sjølv den dag i dag hender det at folk nemner kraftkaren Ursus.

Da nyskulen kom i 1927, vart nok ein del arrangement naturleg halde her, slik som juletrefestar og 17. mai.

Losje Eidsfossen vart stifta på Lalm den 8. desember 1912. I eit intervju med Dagningen (13.2.1988) i høve 90-årsdagen sin, fortel John Amundgaard at han vart medlem i denne losjeforeninga nettopp frå denne dagen, berre 14 år gammal. Han var fråhaldsmann all sin dag og ein av dei mest aktive i det lokale fråhaldslaget. Målsettinga til losjen var ikkje berre at folk skulle halde seg unna alkoholen, dei ville utvikle mennesket til eit pliktoppfyllande individ som kunne ta standpunkt til omgjevnadane på grunnlag av gjennomten-

te oppfatningar. Kunnskap og personleg danning var derfor viktig. I dei mest aktive åra hadde Losje Eidsfossen eigne studieringar med program på annakvart møte. I ein rapport frå studieleiarene midt på 1920-talet heitte det at ei jente hadde tala så engasjert om ein fråhaldspioner at augo doggast. (Bygdabok 3). Losjen hadde også eit lagsblad som vart kalla Fosseiduren. I tillegg til å vera ei foreining for vaksne, var det også barnelosje, som hadde eit medlemsblad som heitte Vårblomen. På det meste var det 308 medlemmar i Losjen på Lalm.

Losje Eidsfossen fekk bygd eige losjehus som fekk namnet Høgsyn. Truleg var dette først på 1920-talet. Som Vonheim låg også dette på baksida litt lenger opp.

Båe desse forsamlingshusa vart rivne i samband med bygginga av det nye samfunnshuset. I dag er det berre eldre folk som hugsar Vonheim og losjehuset.

og skifta namn til Statens ungdoms- og idrettskontor (STUI). Alt to år seinare vart det vedteke å yte statleg støtte til finansiering av samfunnshus gjennom STUI. STUI hadde også ein svært distriktsvennleg profil når det gjaldt utbygging av anlegg. Tippemidlane skulle først og fremst gå til kommunar der idretten stod svakt på grunn av mangel på treningsanlegg. ”Det viktigste er å utvikle mosjonsidretten slik at all ungdom kan få erstatning for vegkrysset som ofte er det eneste oppholdssted de har i mange av bygdene våre”, skreiv Hofmo i *Norsk idrett* i 1952.

Etter initiativ frå Rolf Hofmo vart også Norsk Tipping A/S stifta i 1946. Første speleomgang var 13. mars 1948. Bakgrunnen for dette var å skaffe økonomi for å bygge idrettsanlegg, her under kom altså også samfunnshus. Dermed hadde det kome eit viktig incitament på finansiering.

hur Bråten (Lalm folkeskule), Ola Snerebakken (Eidefoss linjearbeidarforening), Magnus Tolstadløkken (Lalm idrettslag), Kari Fredriksen (Lalm arbeidarkvinneforening), Johan Høiberg (Bårstad gruvearbeidarforening), Ola O. Hovde (Lalm småbrukarlag), Kristian Sørli (Bondelaget), Helga Jordet (Lalm sanitetsforening, Edvin Brun (Lalm arbeidarlag), Trygve Nesset (Lalm musikkforening), Leif Skogstad (Lalm- og Ottdalen ungdomslag) og Magna Tolstad (Lalm bondekvinnelag) Dessutan møtte ingeniør Trygve Langmyr, Iver S. Ryen og Ola Hammer.

“Det vart ålmenn drøfting av planane om samfunnshus der dei fleste hadde ordet og målbar dei særlege ynskje deira organisasjon hadde. Likeeins peika dei på kva måte dei kunne stø saka på”, står det i referatet frå møtet. Det vart elles vedteke å dele det førebuande arbeidet i to utval. Eitt utval med Trygve Langmyhr som formann, skulle arbeide med “tomt og planlegging”. Eit anna utval med John Amundgaard skulle arbeide med “finansiering og organisasjon” Som leiar i arbeidsutvalet vart Iver S. Ryen valt med dei to utvalsleiarane som medlemmer.

Det var stor møteverksemd både i arbeidsutvalet og i dei to komiteane i tida framover. Det fyrste som laut på plass var kor huset skulle stå. Det vart vurdert fleire alternativ både på baksida og solsida. Vass-spørsmål, nærleik til skulen og framtidig idrettsplass var av dei tema som var framme. Til slutt landa dei på arealet ved Kokkhølen rett vest for bustadområdet. Dette arealet låg på statsteigen sin grunn og dei laut derfor inngå ei bygselkontrakt med skogforvaltninga.

Så måtte dei få på plass ei skisse med

## EIT HUS BLIR TIL

### Bakgrunn

Utbygging av forsamlingshus vart ei sentral oppgåve dei første tiåra etter krigen. I mellomkrigstida hadde arbeidarrørsla stått for Folkets Hus-konseptet, ungdomslaga hadde sine hus, fråhaldsfolket sine og dei kristne organisasjonane hadde sine bedehus. Nå var tanken å få til noko som kunne bli enda meir inkluderande.

Samtidig med at ein heldt fast ved felleskapstanken ville ein utvikle det til noko som omfatta alle i lokalsamfunnet. Dette var ideen bak utbygging av samfunnshus.


I 1946 vart det oppretta eit Statens idrettsråd med Rolf Hofmo som den drivande krafa. I 1950 vart dette rådet også tillagt ansvaret for ungdomsarbeidet

LØRDAG 15. november 1952.

# Lalm i Vågå vil byggja til 290.000 kroners kostnad.

Tuft og teikningar er skaffa.

*Eit vassverk for austsida kan koma på tale.*



Slik vil Lalm samfunnshus sjå ut etter utkastet fra arkitekt Bjørke. Huset skal liggja like ved riksvegen sør for den næværende hussetnad og er her sett frå sørvest. Til venstre har ein sjølv gymnastikksal- og møtesal-fløya. Til høgre er ei fløy i 2 høgder med mindre møterom, rom for boksamlinga, bustad for vaktmeistaren og anna. Mellom dei to fløyene, som skal byggjast i tre, kjem ein brannsikker mellomavdeling. Her skal det mellom anna vera kjøken.

Det ligg nå føre godkjende planar for eit samfunnshus på Lalm i Vågå. Om huset kjem opp etter desse planene, vil Lalm få ein stor føremun framom mange andre stader i dalføret vårt. Kostnadsoverslag for hus og utstyr er på 290.000 kroner, og krinsen meiner å skaffa til veges det halve sjølve. Planene går ut på å byggja ein sams teater- og gymnastikksal, og dette gjer at saka skulle ha stor interesse for kommunale og fylkeskommunale instansar. Ei anna interessant sak i samband med planene er arbeidet med å skaffa austsida ved Lalmsbrua eit vassverk.

Den første teikninga av Samfunnshuset frå 1952.  
Faksimile frå Gudbrandsdølen

rombehov og storleik. Til hjelp med dette kom alle lag og foreningar på Lalm skriftleg med sine behov. Med utgangspunkt i desse innspela skulle dei engasjere arkitekt for å bidra med teikningar og kostnadsoverslag. Rombehovet vart først sett til: Storsal med 300 sitteplassar, Ein liten sal med plass til femti, kjøkken (25 kvadratmeter), anretning, legekontor (20 kvadratmeter), tannlegekontor (20 kvadratmeter), venterom (20 kvadratmeter). I tillegg såg dei for seg ein vaktmesterbustad på cirka sytti kvadratmeter, med tre rom og kjøkken.

For å engasjere arkitekt vart det sett inn ei kunngjering i *Arkitektnytt* (nr. 2 1952) og det kom mange positive attendemeldingar frå arkitektfirma som var interesserte. Mellom anna frå arkitekt Helge Enger som var engasjert i arbeidet med samfunnshuset på Nord-Sel som også var under planlegging. Til slutt vart det bestemt å bruke fylkesarkitekt Eirik Bjørke. Det vart etter kvart mange rundar med arkitekten. "Komiteen (byggekomiteen) fant arkitektens forslag komplisert og lite hensiktsmessig og alt for dyrt", heiter det i eit vedtak den 7. juni 1952. Det var semje om at kostnaden ikkje måtte overstige 200.000 kroner. Her laut det derfor gjerast nye innspel og vurderingar.

## L/L Lalm Samfunnshus blir stifta

Konstituerande generalforsamling i Lutlaget Lalm samfunnshus vart halde på skulehuset den 7. november 1952. Det vart vald eit styre som bestod av: Iver S. Ryen (formann), Trygve Langmyhr, Arthur Bråten, John Amundgaard, Odd O. Hovde, Ola O. Kleiven og Pål Berg med Harald Bråten som kasserar. Varamedlemmar vart Ola Reiremo, Ida Reiremo og Brit Nyemoen. Som revisorar vart Birger Slåtten

"Huset bør få penest mulig utvendig form avpasset etter beliggenhet og lys. Det må utføres slik at hvert enkelt menneske på Lalm blir stolt av huset og blir interessert i å holde anlegget i orden, både selve huset og omgivelsene",

(Utgreiing mars 1952)

og Ivar Brenden valde. Dette styret skulle vise seg å fungere stort sett heile perioden fram til huset var ferdig.

Generalforsamlinga godkjende også vedtekter for lutlaget som på førehand var utarbeidd av Ola O. Kleiven, Iver S. Ryen og Kari Fredriksen. Formålet var formulert slik:


"Formålet til lutlaget er å reise og drive eit samfunnshus, der folket i grenda kan få ein høveleg møtestad med rom for møte, festar, kino- og teaterframstyringar, gymnastikksal for skulen og treningsareal for

idrettsungdomen, folkebad med idretts- og skulebad, bibliotek med lesesal, kjøkken, lækjarkontor og tannlæjkjarkontor, og med bustad til vaktmester”.

Huset skulle elles vera ope for alle organisasjonar med lovlege formål uavhengig av religiøse eller politiske program. Det er også grunn til å ta med eit punkt i § 3 der det står: “Samfunnshuset skal vera eit alkoholfritt kultursentrum. Det er difor forbudt å servere eller nytte alkohol i samfunnshuset eller på tufta”. Båe desse punkta var av dei vilkår som STUI sette for å gje statsstønad til samfunnshus.

Det herska nok stor optimisme på den-

ne generalforsamlinga. Grunnlaget var lagt, nå var det å gå i gang med å få realisert planane. Det skulle vise seg å bli eit meir møysofomeleg og langdrygt arbeid enn dei kanskje hadde sett for seg. Ikkje minst var det arbeidet med å få til finansieringa som vart den store bøygen. Huset var nå planlagt til 290.000 kroner der 90.000 vart tenkt som lån. Resten av finansieringa var tenkt med diverse offentlege tilskot kombinert med lotteikning i krinsen.



Desse stod i spissen for arbeidet og utgjorde styret frå 1952 til 1959. Frå venstre: Iver S. Ryen (formann), Trygve Langmyhr (nestformann), John Amundgaard, Ola O. Kleiven, Arthur Bråten, Pål Berg, Odd Hovde og Harald Braaten.


## BOSSE

Finansiering er sjølvsagt alfa og omega når ein driv med eit slikt prosjekt. Styret sonderte ut alle moglegheitene for å få inn kroner, der det var pengar å hente. Av den grunn gjekk det også eit brev til professor dr. Ewald Bosse. Det var han som i si tid eigde Lye og Rottem – som dreiv eigedomsspekulasjon både i Norge og Tyskland og som dei gjekk ut ifrå hadde økonomiske musklar. Og med eit engasjement i bygda, trudde vel styret at Bosse kunne bli ein støttespelar. Den 7. august 1953 kom svaret. Der peikar han på kva han hadde gjort for tolv ”ubemidlede” ungdomar frå Vågå for å skaffe dei utdanning. ”Så jeg synes ikke jeg kan ofre mere på denne bygd”, avslutter han brevet.

## Lott-teikning

Heilt frå første stund var det klårt at det laut til eit skikkeleg skippertak blant lalmingane sjølve for å få på plass ei finansiering. Det vart derfor sett i gang ei omfattande teikning av lottar. Det gjekk ut skriv både til lag- og foreningar så vel som til alle husstandane på Lalm om å teikne seg for andelar i samfunnshuset. Folk var også bedt om å teikne seg for dugnad.

Ti lag og snautt hundre enkeltpersonar hadde teikna lott i lutlaget. Ein lott kosta 100 kroner, noko som svarar til cirka 1.500 etter dagens verdi. Da huset sto ferdig var dette auka til 17 foreningar og bedrifter og 138 enkeltpersonar.



Slik såg lottbrevet ut, underteikna av styret.

Desse foreningane og bedriftene var:

Eidefoss Kraftanlegg A/S  
A/S Langmorkje Almenning  
A/S Østlandske Stenexport  
Norsk Folkehjelp  
Lalm vel  
Bårstad gruvearbeidarforening  
Vågå tamreinlag  
Lalm sanitetsforening  
Lalm idrettslag  
Lalm småbrukarlag  
Lalm og Otdalens ungdomslag  
Vågå spelemannslag  
Vågå bondelag  
Eidefoss linearbeidarforening  
Lalm arbeiderkvinneforening  
Lalm bondekvinnelag  
Losje Eidsfossen (Losjehuset Høgsyn)

## Eit møysommeleg arbeid

Planleggingsfasa vara frå 1952 til vinteren 1957. Det skulle altså gå meir enn fem år før spaden vart sett i jorda. Kvifor tok det så vidt lang tid? 60 år i ettertid er det både interessant og det kjennest tidkrevjande å gå igjennom alle brev og møtereferat frå desse åra. Da kan vi tenkje oss korleis det var for dei som stod i bresjen for arbeidet. Det fins brev i hundretals, dei fleste skrivne på skrivemaskin med blåpapir av Iver S. Ryen eller Trygve Langmyhr. Det var brev til arkitekt, til offentlege instansar, til bedrifter og enkeltpersonar, brev i samband med tilbod på ditt og datt. Det var tallause møter, telefonar og samtaler, utgreiingar og vurderingar. Nye møter, befaringar og enda fleire brev. Og kva som ligg bak av tenkjing og grubling kan vi neppe fatte.

Det vil gå alt for langt å koma inn på alt

som skjedde, men vi skal prøve å gje eit samanfatta bilde av noko av det som laut gjerast og av dei største bøygane.

## Mange å hanskast med – og samarbeide med

Mange vil stusse over at det gjekk såpass lang tid frå planlegginga starta til bygginga tok til Noko av dette får vi håpe går fram av det som er skrive om dette. Men for å vise omfanget av arbeidet under planleggingsfasen tek vi med eit stutt oversyn over instansar og liknande som ein hadde med å gjera enten i form av korrespondanse, synfaringar, møter, sørknader med meir. Lista er nok slett ikkje fullstendig.

- Skogforvaltaren for Nord-Gudbrandsdal v/skogforvaltar Arne Kristiansen
- Norske Arkitekters Landsforbund
- Riksteateret
- Statens ungdoms- og idrettskontor
- Fylkesarkitekten i Oppland
- Norsk Bygdekino A/S
- Norsk Folkehjelp
- Gymnatiikkinspektør Stornæs på Hamar
- A/S Eidefoss kraftanlegg
- A/S Langmorkje Almenning
- A/S Østlandske Stenexport
- Lensmannen i Vågå
- Norske ungdomsherberger
- Norsk badeforbund
- Statens institutt for folkehelse
- Vågå heradstype v/ordførar, formannskap, kommunestyre m.m.
- Oppland fylkeskommune
- Oppland fylkesskulestyre

- Fylkesinstruktør (seinare idrettskonsulent) Alv Kveberg, Gjøvik
- Norges Tekniske Høgskole, Materialprøvningsanstalten
- Lalm folkeboksamling
- Gudbrandsdal idrettskrets
- Kontakt med andre samfunnshus som var bygd eller var under bygging m.a. Rauland og Ås.
- Norske næringsmiddelfabrikker
- Bygartnar Olav Skinnarmo
- Byråsjef Edvin Saastad
- Vågå Sparebank
- Distriktlege Odd Sverre
- Helsedirektören
- Skuledirektören i Hamar
- Ungdomslaget og losjen, bedehusnemnda og kapellnemnda
- Utallige bedrifter, entreprenørar og konsulentar
- Lag- og foreningar på Lalm
- Alle bebuarane på Lalm

**Tomtespørsmålet.** Det arealet som var tenkt til samfunnshus hadde vore brukt som lagring av tømmer frå statsteigen. Likeins hadde gardbrukarane Ola Hammer og Hans Tolstad nytta dette området til det same formålet. For å løyse dette laut dei gå med på å sprengje og planere ut ein fjellknaus aust på tomta slik at lagring kunne skje der. Endeleg godkjenning av byggselvtale vart gjort den 27. mars 1953. Festet var på cirka tre mål og prisen vart sett til 25 kroner per år. Tomta skulle seinare bli utvida fleire gonger, mellom anna etter innspel frå bygartnar Olav Skinnarmo i Sarpsborg. Derfor laut det til nye rundar og prisen endra seg i tråd med det til kr 35 kroner per år.

**Kva skulle inn i huset?** Sjølv om dette

meir eller mindre kom på plass tidleg i 1952, vart det stadig diskutert og det var mange instansar som skulle ha eit ord med i laget. Når det gjaldt gymnastikksal hadde skulestyret ei meining, likeeins var det når det gjaldt doktor- og tannlegekontor og rom for helsestyrer. I tillegg til det som var naturleg for eit forsamlingshus vart det diskutert bibliotek. Det vart også vurdert om samfunnshuset kunne innehalde ungdomsherberge, med tanke på finansieringa. "Hvis rum i huset kan innrettes til ungdomsherberge til bruk i turistsesongen om sommeren og kan brukes av stedets befolkning resten av året, så blir det en fordel for huset", står det i ei utgreiing frå mars 1952. Etter ein del undersøkingar vart dette likevel skrinlagt.

Det vart mange rundar med arkitekt før endeleg løysing var på plass. I møte 5. desember 1953 vedtok styret å få utgreidd spørsmålet om å bygge eit fryseanlegg i kjellaren. Til dette laut ein hente tilbod frå eksterne fagfolk og denne delen av prosjektet enda opp med ein kostnad på cirka 35.000 kroner. Skulle dei satse på å plassere gymnastikkutstyr som ribbevegg og liknande på scena og kunne dette eventuelt kombinerast med riksteateret sine krav og interesser? Og skulle dei kjøpe eige framvisingsutstyr og kinodrifta, eller skulle dei gjera leigeavtaler?

Andre tekniske spørsmål var til dømes: Skulle dei satse på betong som fundament under scena eller andre løysingar? Korleis skulle ventilasjonen og sanitæranlegg ordnast? Og korleis skulle oppvarminga skje? Til desse spørsmåla laut ein søkje konsulenthjelp hjå dei som sat med ekspertisen. Når det gjaldt oppvarming kom konsulenten frå Oslo med fleire alternativ

men rådde til full elektrisk oppvarming av alle dei mindre romma med varmluftoppvarming av storsalen.

At det måtte vera garderobar og dusjanlegg var nokså sjølvsagt all den tid det skulle nyttast til kroppsøving. Men skulle dei også bygge **badstue**? Dette var i ei tid det var dei færreste som hadde bad eller dusj heime, dei ville derfor dekke eit viktig behov. Norsk Folkehjelp var ein instans å vende seg i så måte. Også her hadde Rolf Hofmo ei rolle.

Vaktmesterbustad, med eigen inngang, var som sagt også lenge med i planane. Dette vart til slutt forkasta på grunn av kostnaden.

**Bedehus/kapell-løysing** var også i bildet og laut avklarast med kapellnemnda og indremisjonen. Det var slik at STUI ynskte at flest mogleg lag- og organisjonar slutta opp om samfunnshuset for å få ein breiast mogleg eigarskap og bruk. Styret i samfunnshuset vende seg mellom anna til Rauland i Telemark der dei hadde ei løysing med kapell i samfunnshus. Lalm indremisjon gav svar i januar 1954 at dei likevel ikkje var interesserte i ei slik løysing.

Det var heilt frå starten arbeidd ut ifrå ein føresetnad at samfunnshuset skulle erstatte både **Vonheim og losjehuset Høgsyn**. Derfor vart det kalkulert inn ein verdi av desse to forsamlingshusa i finansieringa. Men dette var noko som laut avklarast – ikkje berre lokalt men også sentralt – da dei båe var delar av landsomfattande organisasjonar. For ungdomslaget sin del laut dei få aksept frå styret i Noregs ungdomslag. Tilsvarende vedtak laut gjera i øvste organa innan losjerørla. Dette var noko som tok tid. Etter vedtekten for

samfunnshuset skulle både ungdomslaget og losje Eidsfossen ha rett til kvar sin representant i styret for samfunnshuset.

Vasstilknyting var ei av dei vanskelegaste utfordringane å løyse. Kommunen hadde planar om vassverk for heile tettstaden på Lalm men dette drog ut i tid. For å få til ei løysing vart det sett ned ei vassnemnd med Syver L. Kleiven, Arthur Bråten og Albert Jordet som medlemmer. Det vart vurdert både brønnboring og bruk av vassåre, men dette vart forkasta. Da det kommunale vassverket heller ikkje vart realisert, vart enden på visa at samfunnshuset fekk knyte seg inn på vassanlegget til Per Kleiven, Ragnvald Kleiven og Edvin Brun som hadde gått i hop om ei felles løysing for seg. Fyrst mange år seinare (1972) kom dei med på det kommunale vassverket.

**Statens ungdoms- og idrettskontor (STUI)** var ein part når det gjaldt tippe midlar og som hadde sine krav. Rolf Hofmo var mellom anna oppover for å vera med i dette arbeidet. Mathias Bolstadløkken var også i Oslo og hadde samtal med Hofmo. Søknad om tippemidlar og statsstønad vart sendt i 1952 og svaret kom i løpet av hausten same året. STUI innvilga kr 15.000 som det var søkt om. Pengane ville likevel ikkje bli utbetalt før byggeløyvet var i orden. Endring av planane og kostnaden gjorde at storleiken av tippemidlane auka betydeleg.

Likewise var fylkeskommunen, Vågå kommune. Bibliotektilsynet, Riksteateret, Folkets Hus Landsforbund instansar som laut inn i bildet. Oppvarming og ventilasjon var andre ting som laut avklarast.

**Søknad om byggeløyve** var inga enkel affære. Fyrste søknaden vart sendt

i 1954. Tto gonger vart det sendt søknad i 1955 og til slutt i februar 1956. Det var ymse grunnar til avslag, både byggtekniske så vel som finanzielle. Uansett så måtte det nye rundar til, nye møter, nye skriv. Synfaringar.

Månader og år gjekk. Det var mange skjær å støyte på og stundom måtte det vera lett å miste motet, gje opp. Og enda har vi knapt nemnt det vanskelegaste. Men styret med Ryen og Langmyhr i spissen stod på og gav seg aldri.

## Kostnad og finansiering

“Økonomien bør bli den største vanseligheten. Dette blir et stort løft for grenda. Interessen og viljen til å yte er tilstede. Men uten hjelp utenfra vil saken ikke kunne gjennomføres”, skriv Trygve Langmyhr i eit brev til fylkesarkitekt Bjørke sommaren 1952.

Parallelt med alt arbeidet som er nemnt framfor gjekk strevet med finansiering, med søknad om tilskot hit og dit, lott-teikning, sin gang. Det vart også fleire rundar med søknad om banklån. Ein ting var å planlegge inn alt det som ein ynskte seg i det nye bygget. Det skulle også ha ein akseptabel pris dei kunne finne finansiering til. Dette var heile tida det store spørsmålet. Det hjelpte lite å planlegge stort og flott, dersom ein ikkje fann rimeleg finansiering. Dei måtte derfor finne ein balansegang mellom gode

ynskjemål og harde realitetar. Dette var ein av grunnane til at planane om eigen vaktmesterbustad vart kutta.

Kostnad og finansiering gjekk altså hand i hand og vart endra fleire gonger ettersom planlegginga skreid fram. I tillegg til offentlege tilskot vart det gjeve gratis byggjematerialar frå lokale skogesararar. Og ikkje minst vart det vist stor velvilje frå bedrifter som A/S Østlandske Stenexport, A/S Langmorkje Almenning og Eidefoss. Men viktigast: Innsatsen til mange eldsjeler og god dugnadsånd frå lalmingane sjølv.

Det var også fleire lokale ressurspersonar som var med i kostnadsrekninga. Forutan ingeniør Trygve Langmyhr var det Steinar Nymoen (målararbeid), Kåre Ekren (glas og dører, bord og stolar) og Steinar Mæhlum (glasarbeid). Syver L. Kleiven gjorde berekningar på diverse betongarbeid og Hans Dissen på diverse tømrararbeid.

Den endelege finansieringa vart lagt fram for styret i oktober 1957. Den var slik:

Statstilskot	kr	45.000
Tippemidlar	"	40.000
Tilskot Norges badeforbund	"	2.000
Oppland fylke – tilskot gymsal mm.	"	40.000
Vågå kommune – tilskot gymsal mm	"	30.000
Vågå kommune – tilskot folkebokssamling	"	15.000
Renter av bankinnskot	"	1.000
Lokale tilskot	"	76.000
Pårekna nye tilskot	"	24.000
Lån mot a) pant og kommunal garanti	"	40.000
b) mot personlege garantiar	"	27.000
SUM	kr	390.000

Dette tilsvarer cirka 5,1 millionar kroner i dagens verdi. I tillegg til dette kom inventar og utstyr som vart kostnadsrekna til 30.000 kroner. Her vart det rekna eit tilskot på 18.000 kroner samt ytingar frå kvinneforeiningar og ungdomslag på til saman 8.000.



Nils Berg hadde arbeidet med å grave ut tomta med bulldosar.

## Bygginga


For å få best utnytting av dugnadsinnsats vart det bestemt at utbygginga skulle gå i samfunnshuset sin regi. Til å leie byggearbeidet vart det vald ein byggekomité med Knut Snerle som leiar og med Knut Hovde, Kristian Sørli og Ingrid Karlsen som medlemar. Som byggleiar vart byggmester Ivar Øvre engasjert, og utbygginga kunne starte opp våren 1957. Helge Øvre var ein av dei som var med under bygginga. Han fortel mellom anna at dei kvilte i kjellaren hjå Pål og Gurine Berg. Av andre som var med som bygningssnekkarar kan nemnast: Edvin Rusten, Per Runningen, Ola Brenden, Jørgen Rundhaugen, Kjell Barhaugen og Per A. Bråten.

Det var ei hektisk tid, både for styret, byggekomiteen og entreprenørane. Ofte



Knut Snerle var formann i byggekomiteen.

dukka det opp moment som laut avkla-  
rast, ting måtte endrast. For å illustrere  
dette kan nemnast spørsmålet om støy-  
pesand til betongarbeidet. Det var fleire  
alternativ for dette, men dei kasta augo  
på eit sandtak på baksida på Lalm som  
Harald Braaten eigde. Men var sanden  
god nok. Ein distriktsingeniør frå Norsk  
Cementforening var på synfaring på  
Lalm saman med Syver L. Kleiven for å  
vurdere kvaliteten. For å få undersøkt  
dette skikkeleg vart det støypt ternin-  
gar med storleik på rundt ti centimeter  
med forskjellig blandingsnivå. Desse vart  
sendt til Materialforvaltningsanstalten  
ved Norges Tekniske Høgskole i Trond-  
heim der det vart gjort trykkprøver av  
terningane etter ni døgn. Rapport derifrå  
kom attende berre tolv dagar etter synfa-  
ringa i sandtaket. Resultatet var positivt.  
Det vart derfor stutt transport av sand  
til samfunnshuset.



Byggmester Ivar Øvre var byggleiar  
da samfunnshuset vart sett opp.  
Foto utlånt av Hans Olav Øvre

## SIT MED GODT SAMVET

Det vart kjøpt inn stolar og bord til samfunnshuset for til saman 12.000 kroner. Dette var noko som laut finansierast utanom byggeprosjektet. Det vart forsøkt gjort på den måten at folk vart oppmoda om å kjøpe seg "sin eige tol", ved å betale inn førti kroner. På denne måten kom det inn 7.000 kroner. Dermed mangla det framleis 5.000 kroner. Det vart lagt ut liste på Bjørkheim-butikken for å få inn meir, men responsen var heller laber. Styret bestemte seg derfor til å ha ein dør- til dør-aksjon med oppmoding om å betale ti kroner. "Sit med godt samvet når du er på samfunnshuset – betal stolen din", var det slåande formaninga frå styret. 214 personar ytte sin skjerv ved denne aksjonen, noko som tilsvara 2.180 kroner.



Kunstnaren Olav Hanslien laga relief over scena med utgangspunktet i segnet om «Huldre og 'n Ellan» nedskrive av Edvard Storm.  
Foto: Terje Kleiven

Dei viktigaste entreprenørane og leverandørane var:

Utdraving av tomt:

Tømrarbeidet:

Glas og dører

Ventilasjon og varmluftsanlegg:

Sanitæranlegg

Installasjon:

Takrenner:

Fryseboksar

Nils Berg  
i Samfunnshuset sin regi med  
Ivar Øvre som byggleiar.  
Paul Dahlø, Oslo  
Rolf Aalerud, Hamar  
Otta rørleggerforretning  
A/S Eidefoss  
Knut Bråten  
Ski mekaniske verksted

Kunstnaren Olav Hanslien fekk i oppdrag å laga relief over scena. Sagnet om "Huldre og 'n Ellan" dannar finare innramming enn kanskje noko anna samfunnshus. Han måla også på veggen i gangen. At kunstnararbeidet vart kosta av ein privatperson skulle vera ein løyndom, men langt i ettertid har det kome fram at denne personen var Iver S. Ryen.



Olav Hanslien laga også veggmaleriet i gangen.  
Foto: Terje Kleiven

## OPNINGSFESTEN DEN 25. OKTOBER 1958


"Ein merka dåmen av helg straks ein runda svingen nedanfor tettgrenda der. Alle flagg var til topps og det kvilte liksom ei heilag helgestille over staden. Alt stim og ståk med å få alt ferdig til festen var over og nå tok folket seg ein liten pust i bakken etter slitet".

Slik innleier journalisten artikkelen sin om opningsfesten på Lalm samfunnshus som gjekk føre seg laurdagskvelden den 25. oktober 1958. Det var formannen i festnemnda Ola H. Hanslien som hadde æra å ynske velkommen til ein fullsett storsal. Ein bruremarsj fra Vågå framført av Vågå spelemannslag under sin dirigent Harald Haug, var dei første tonane frå scena i det nye samfunnshuset.

Festen heldt fram med taler underhaldning og hyllest. Formannen i byggekomiteen, Knut Snerle brukte Rakel i

bibelsoga som metafor – som lalmingane, laut ho også vente i sju samfulle år. Festtala vart halde av Iver S. Ryen, som hadde gått i bresjen for arbeidet heilt sidan 1952. Han rosa alle som hadde vore med å teke sin tørn, både dei som hadde vore med i styret og ymse utval, dognadsfolk, og alle dei som hadde gjort finansieringa mogleg. Mellom anna trekte han fram dei tre nøkkelbedriftene i bygda: A/S Langmorkje Almenning, A/S Østlandske Stenexport og A/S Eidefoss.

Lalm musikkforening under dirigent Harald Haug spela eit par nummer, Ola H. Hanslien las ein prolog skrive av Sigurd Evensen og Lalm sangkor under leiing av Karl Nyhagen song. Og naturlegvis var det helsingar frå både her og der. Kontorsjefen i STUI, Rolf Hofmo, reiv festlyden med seg i eit fyrværkeri av ei tale. Det er



Samfunnshuset slik det såg ut i 1958.  
Foto utlånt av Paul Brun

like naturleg at folk bygger samfunnshus som å bygge eigen bustad, meinte han og trekte fram den kulturelle sida. Han hylla arbeidet til lalmingane og nemnde mellom anna at Lalm var av dei 120 første som fekk bygd seg samfunnshus. Men framleis var det rundt seks hundre komitear rundt om i landet som arbeidde med det same. Men ein skal heller ikkje gløyme at det finst tre tusen gamle forsamlingshus som det skulle vere lagt dynamitt under, som han uttrykte seg.

Det var elles helsingstaler frå Christian Iversen i Oppland idrettskrets, skulestyre-reformann, Hans Skjellum, og ordførar Anders Bjørkheim. Til slutt vart rømmegrault bore inn av bunadskledde kvinnfolk til vakre feletonar.

Det var berre ein som mangla denne festkvelden: Trygve Langmyhr. Han hadde reist frå Oslo for å vera med, men vart sjuk underveis så han kom ikkje lenger enn til Otta.

#### DØRHELLA

Det var under opningsfesten at det for første gong kom fram historia om dørhella utanfor samfunnshuset. Vi refererer det slik det stod i avisene dagen etter. "Vi har fått stor ros for den vakre dørhella utanfor samfunnshuset", sa formannen Iver S. Ryen i tala si ved opningsfesten laurdag. "Og det skjønar eg godt for det er ei pen helle. Kor ho er komen frå har ikkje vore trygt å nemne før i dag, men nå skal det koma for dagen.

Hella har Ola O. Kleiven sjølv hogge ut av berget for å ha som dørhelle på huset sitt slik at barnebarna hans skulle få sitja på ho og seie at denne hella har han bestefar hogge ut av fjellet og køyrd ho heim sjølv med Blakken. Men nå ligg ho altså utanfor samfunnshuset og korleis ho ha kome dit, skal eg fortelja, jamvel om det sit både skrivar og lensmann i salen og hører på. Oss har rett og slett støle hella fordi oss tykte ho høvde så urimeleg godt til huset vårt", sa formannen.



# | ÆRESMEDLEMMER



Stint med folk under opningsfesten den 25. oktober 1958



Iver S. Ryen mottek velfortent gave for seg og Trygve Langmyhr for takk for den store innsatsen dei hadde gjort for å skaffe Lalm eit nytt samfunnshus.  
Faksimile Gudbranadsølen



Rømmegrauten blir bore inn til vakre feletonar.


Frå høgre er Ingerid Ryen, Kari Snerele, Anne Bjørnstad og Karen Skår.

Lalm var heldige som hadde Iver S. Ryen og Trygve Langmyhr til å gå i bresjen for samfunnshusarbeidet. Den fyrstnemnde var lærar på Lalm i fleire tiår og hadde både kunnskap og evne til å organisere, få folk med seg og den ståpåviljen som måtte til i ei slik sak. Den andre var driftssjef for kleberanlegget til A/S Østlandske Steinexport på Bårstad. Som ingeniør hadde han noko av den kompetansen som kravdest når eit slik prosjekt skulle realisertast. Dessutan hadde han eit stort nettverk. På tenestereiser som til dømes til Oslo, var det lett å ta med eit møte eller få til ei nødvendig samtale i tillegg. Sjølv om Langmyhr slutta ved Østlandske i


1956 heldt han fram i styret for Lalm samfunnshus og i arbeidet med planane.

“Du tror sikkert vi har sovna alle mann. Men det er bare stille før stormen”, skriv Ryen i eit brev til Langmyhr i februar 1957 før han held fram med ei lang utgreiing om alt som er gjort i mellomtida. “Jada, Langmyhr, snart har vi hele hedningenes fylde i våre rekker”, avsluttar han.

Både Trygve Langmyr og Iver S. Ryen vart utnemnt som æresmedlemmar i samfunnshuset for den store innsatsen dei hadde lagt ned for å få realisert planane om nytt forsamlingshus på Lalm. Stor meir fortent kan ein heider neppe bli.



Iver S. Ryen og Trygve Langmyhr vart bæ utnemnt til æresmedlemmar i L/L Lalm Samfunnshus.





I tjuge år var fryseriet og hakkerommet eit nyttig tilbod for oppbevaring og stell av kjøttmat, Hans Tøndevoldshagen var vaktmester og hadde ansvaret for denne tenesta. Foto utlånt av Berit Tøndevoldshagen

## FRYSERI OG HAKKEROM

På 1950-talet var det dei færraste som hadde kjøleskap eller frysar. Den gamle auruba var framleis i bruk og folk innordna seg med mat som dei alltid har gjort.

Derfor var det nesten som ein genistrek da styret i Samfunnshuset planla

inn eit fryseboksanlegg i prosjektet. Dette vart organisert som eit eige andelslag med eiga styre og vaktmester. Fryseriet låg i kjellaretasjen med eigen inngang. Startkapitalen var 8.250 kroner i tillegg til eit kassakredittlån på 13.000 kroner.

Anlegget hadde 130 boksar. 123 av dei var på hundre liter medan sju var på seksti liter. Heile anlegget med utstyr til frysaren og hakkerom, kosta i alt cirka 28.000 kroner. Utstyret vart kjøpt frå Norske næringsmiddelfabrikker.

At dette vart eit populært tilbod til mange, viser at det faktisk var fleire som ynskte seg boks enn det var tilgang til. Derfor var det venteliste for å få eventuelt ledige boksar. Det var Hans Tøndevoldshagen som hadde ansvaret for fryseriet, mesteparten av tida. Det var også han som stod for maling av kjøtt i hakkeromet. Vaktmesteren hadde ei godtgjersle

på 2.900 kroner per år for dette arbeidet. Kari Bjørkheim hadde ansvaret dei siste åra.

Dette var ei god ordning både for folk som fekk ei løsing på lagring av kjøttmat, men også for samfunnshuset som fekk ei fast inntekt som hjelpte godt på drifta. Samarbeidet såg ut til å fungere godt.

Etter kvart endra tidene seg, stadig fleire fekk ordna seg med kjøleskap og frysar heime og etterspørselet etter boksar minka i tråd med dette. Rundt 1980 vart det heile avvikla. Tilboden som var så godt på 1950-talet var ikkje lenger aktuelt. Samfunnsutviklinga hadde gjort det slik.

## BRUKEN AV HUSET DEI FØRSTE TI ÅRA

### Entusiasme på prøve

Det vil gå for langt å koma inn på alt som skjedde i løpet av åra, men ved å nemne nokre ting prøver vi å vise bruken og utviklinga av huset og dermed vise kva forsamlingshuset betyddde.

Det vart som venta ei oppblomstring når det gjaldt aktivitet. Å koma frå gamle, kalde og umoderne Vonheim til eit heilt nytt forsamlingshus var som å koma

Det første styret etter at samfunnshuset opna bestod av:

Ola H. Hanslien, formann (Lalm og Ottdalens ungdomslag)  
Gudmund Bjørkheim, nestformann (Losje Eidsfossen)  
Ola O. Kleiven (private lotteigarar)  
Klara Jordet (Lalm arbeidarkvinnelag)  
Brit Nymoen (Lalm Sanitetsforening)  
Ola Lillebråten, Bårstad gruvearbeidarforening)  
Kåre Ekren (kretsformann for Lalm)  
Varamenn var: Pål J. Løkken (Lalm idrettslag),  
Hans Snerlebakken (Eidefoss linjearbeidarforening)  
og Tora Tolstad (Lalm bondekvinnelag)

Gudbrandsdal Arbeiderpartis



# Sommer Stevne

i LALM lørdag 11. og søndag 12. juni



Noe for hele familien...

Lørdag kl. 20.00:

- Åpning
- Filmframstilling
- Song av Lalm Songlag
- Musikk av Lalm Musikkforening
- DANS      Entré kr. 2.50



- Kl. 13.00 • Åpning av stemna  
 • Song av Lalm Songlag  
 • Prolog av Ola A. Jorgersrud  
 • Oppreden av Alf Proysen  
 • Musikk av Vågå Spelmannslag
- Kl. 14.00 • Folketog fra Samfunnshuset  
 • til Ekrem og tilbake til  
 • Samfunnshuset  
 • Tale av Haakon Bingen

*Etter talea spiller Vågå Musikkforening og Vågå Spelmannslag*

## FOLKEFEST

Biletpriser for stemna:  
 Dagbilett kr. 3.00, barn kr. 1.00 — Holdagsbilett kr. 5.00  
 (Gjelder også til festen) — Festbilett kr. 2.50

Arrangør: Gudbrandsdal Arbeiderparti og Lalm Arbeiderlag

I 1960 var det stort arbeidarstemne på Lalm der mellom anna Alv Proysen deltok.

til Soria Moria. Det gav nye moglegheter og entusiasme som følgje av det. For fyrste gong kunne lalmingane setja seg i eigne stolar for å oppleve Riksteateret eller film eller dei kunne trø dansen på flunkande

å investere i ting som mangla eller som burde forbetrast. Det kunne vera innkjøp av brannslokningsapparat, akustikkplater i veslesalen, ljosenlegg på scena, bruk av telefon for å nemne noko. Av det meir tri-

nytt golv.

Norsk Bygdekino hadde 26 framsyningar og viste 51 filmar første driftsåret. Året etter auka dette til 35 framsyningar med til saman 69 filmar. Når det gjaldt dansefestar var det dei to første åra 33, der ti av dei gjekk direkte til inntekt for huset og til dekning av stolkjøpet. Går vi til driftsåret 1959/60 finn vi at det var ikkje mindre enn 43 dansefestar. Ti av desse var arrangert av huset sjølv. Åtte kveldar vart brukt til basar, av desse var to til inntekt for samfunnshuset. Det var til og med tivoli. Fleire bedrifter, lag og enkeltpersonar gav gåver. Mellom anna kom det 15.000 kroner frå A/S Langmorkje Almenning. Dei gav også 8.000 kroner året etter. Nemnast må det også at A/S Eidefoss ettergav restgjeld (mellom anna frå bygginga) på 8.054 kroner. Også Vågå tamreinlag var gåvmilde. Dei teikna seg også med fleire lotter.

Etter kvart som huset kom i dagleg bruk, meldte det seg stadig behov for

vielle slaget er innkjøp av fleire askebeger, avfallskorg og dukar. Det vart også investert i piano. I 1966 vart det gjort vedtak om å kjøpe inn 100 nye kaffekoppar med skåler, tolv sukkerfat, fem fløytemugger og ti asjettar.

Å kombinere vaktmesterjobb med kafédrift, kiosk og camping er også eit tema som vart diskutert. Dette kom i gang frå 1962, da det vart søkt om serveringsløyve. Denne kafédrifta, som vaktmesteren hadde ansvar for, vara berre nokre få år før den vart avvikla. Med visse mellomrom var også vaktmesterjobben diskutert i styret. Det kunne vera klage på vask og reinhald eller andre ting som hadde med tenesta å gjera.

Naturlegvis var justering av husleige oppe til diskusjon med jamne mellomrom. I 1962 var satsane slik:

- Minstepris storsal m/scene 125 kroner
- Minstepris for veslesalen 20 kroner

Høgtalaranlegg, kjøkkenet, venterommet, sminkerommet og skuespillergarde-roben er alle sett til ti kroiner. For badstue med dusj var prisen to kroner, for berre dusj ei krone. Ein del utleigeprisar er fastsett etter spesiell overenskomst med leigaren. Det gjeld fryserom og hakkerom som betaler 50 kroner per månad i leige. Norsk bygdekino betaler 85 per framsyningkveld medan Riksteateret betaler 175 kroner. For lege- og helsestyrkontor og venterom betaler Vågå kommune 164 kroner per måned i leige.

Den entusiasmen som var da huset vart sett opp og dei første åra etterpå ser ut til å falme, eller "i ferd med å svinne bort", som det står i årsmeldinga 1962. Årsmeldinga nemner fleire grunnar til det, mellom anna det at drifta av samfunnshu-

set har nøye samanheng med dei lag og foreningane som brukar huset. Eit anna moment som blir trekt fram er konkurransen frå andre samfunnshus. Både Sjårdalen, Nord-Sel og Vågå hadde fått sine hus, sistnemnde vart opna i 1961. Særleg gjaldt dette konkurransen på festfronten. Sjølv om det vart arrangert dansefestar, var sjansen større for at dei gjekk med underskot. "Når ein tek omsyn til nedgangen i bruken av huset, at interessa kring samfunnshuset minkar fort til kvar tid, og at konkurransen frå nabosamfunnshusa no er tydeleg merkbar, så er det klårt at samfunnshuset i komande år neppe vil oppnå det gode driftsresultatet som tidlegare årsmeldingar viser", er konklusjonen. Det blir også klaga over dagnadsånda. "Oppslutninga om dagnadsarbeidet har gått nedover til kvart år. I 1962 var det reint därleg", står det i årsmeldinga. I alt vart det utført 29 ½ timerverk manuelt arbeid og fire timer med traktor. 1962 vart første året at samfunnshuset viste underskot på drifta.

Men ting snur. Allereie året etter kunne ein vise til eit langt bedre resultat. Det var ikkje mindre enn 29 dansefestar i tillegg til den vanlege utleiga. I 1965 fekk dei sett i gang billeterti som gav godt resultat i tillegg til ein gild basar som gav god inntekt. Bruken av huset vidare framover 1960-talet ser ut til å vera nokså stabil. Elles blir det gjeve fleire større og mindre gåver. Ikkje minst A/S Langmorkje Almenning er gåvmilde.

Nokså snart ser styret behov for å velje ein fest- og støttekomité for å styrke inntektene til samfunnshuset. Målet er at huset ikkje skulle "verta ståande tomt nokor helg", står det i møteprotokollen.

I årsmeldinga for 1968 står det mellom anna å lesa at det har vore bra med inntekter og at stillinga etter måten er bra. Det har gjennom året vore 16 festar, 20 møter

av ymse slag, 19 filmkveldar, 3 basarar, 1 messe, eitt konfirmasjonslag og ikkje mindre enn 5 bryllaup.

#### BILLOTTERI

I 1965 sette samfunnshuset i gang eit billotteri. Det var ein Volkswagen personbil type 1200/113 de Luxe 1965-modell til ein verdi av 15.500 kroner. Dei hadde rett til å selja 200 lodd á kr 100. Trekninga fann stad på lensmannskontoret den 6. august og dei heldige vinnarane var Olga Wottestad og Gudrun Hovde. "...det er kasseraren i samfunnshuset, Tor J. Kleiven, som gjorde det meste av jobben med dette her. Det er også billotteriet som for ein stor del gir det gode driftsresultatet i 1965", står det i årsmeldinga.

## FRÅ ROSMERSHOLM TIL BJØRNSTJERNE

Riksteateret var ein ny og spennande ting for "gamledagse" bygdefolk oppfosta med felmusikk og raudost. Ville noko slikt høgkulturelt og byprega slå an her i fjellglipa. Riksteateret vart oppretta i 1948 og frå 1950 spela dei med eige fast ensemble, både klassisk og moderne repertoire. Og på både målformer.

Fire forestillingar var det første driftsåret. Den aller første framsyninga var *Rosmersholm*, eit drama av Henrik Ib-

sen. "Det har vore overlag godt frammøte til framsyningane, og det er god von om at det vil halde fram med det", står det i årsmeldinga for 1959. Til å førebu det lokale arbeidet med teaterframsyningane og til å halde kontakt med riksteateret vart det sett ned ei teaternemnd med Ola H. Hanslien, Gudmund Bjørkheim, Klara Jordet og Petter Eide. Av andre framsyningar kan vi nemne *Husfruen* (frå Kristin Lavransdatter av Sigrid Undset).



Riksteateret hadde fleire framsyningar i tidsrommet 1959-63. Det aller fyrste stykket var *Rosmersholm* av Henrik Ibsen. Dei siste åra har Teater Innlalandet gjesta Lalm fleire gonger, mellom anna med dikterhøvdingen, Bjørnstjerne Bjørnson, i Tom Styve sin skikkelse. Foto: Kristin Bengtson

Riksteateret hadde ein del framsyningar dei første åra, men dette tok slutt i 1963. Dei siste åra var det berre ei eller to framsyningar om året. Grunnen var først og fremst at det var for dårleg oppslutning. Kanskje slo ikkje den slags høgkulurelle saker så godt an likevel! At ikkje scene og andre fasilitetar tilfredsstilte krava, vart også brukt som eit argument. Og ikkje minst at det kom konkurrentar rundt oss som kunne friste med be-

tre tilhøve og større potensiale når det gjaldt besök.

Derimot ser det ut til at Bygdekinoen hadde rimeleg bra oppslutning.

# BENJAMINO GORILLO OG GU-MESTERSKAP



Benjamino Gorillo i Ivar Hanslien sin skikkelse. Ein gnistrande parodi på ein italiensk operahelt.

Foto utlånt av Ivar Hanslien

Styret i samfunnshuset og foreningslivet på Lalm viste stor kreativitet dei første åra. Ein av dei tilstellingane som blir hugsa er da den italienske operasangaren Benjamino Gorillo i Ivar Hanslien si forkledding inntok scena. Ikkje berre vart det ei namngjete hending som spurdest vidt omkring, det vart også ny publikumsrekord på samfunnshuset. At han fekk engasjement både i Kvikne og Vinstra og fleire andre plassar var kanskje ikkje så uventa. Men at den same Benjamino også opptredde saman med sangduoen Ivar og Kari Medaas og fleire andre, er kanskje mindre kjent. Da dei opptredde med ein kabaret ved Kongsvinger stod det i lokalavisa der at: "Han (Ivar Hanslien) laget kabaretens topprestasjon med en gnistrende opplagt parodi på operahelt og rockesanger".

Ei av dei mest aktive foreningane på Lalm dei første åra etter opninga av samfunnshuset var Lalm og Otdalens ungdomslag. Dei hadde møter, eiga lagsavis (Lalmingen) og arrangerte festar. Den 25. februar 1962 arrangerte ungdomslaget også det årlege vinterstemnet eller betre kjent som GU-mesterskapet på ski. (for alle lag tiknytta Gudbrandsdal ungdomslag). Tidlegare hadde vi mangla anlegg for å kunne ta på oss eit såpass stort arrangement, men med ny hoppbakke i Rindalen

og samfunnshus i sentrum, var moglegheitene der. Forutan hopp opp mot 40 meter på toppen av den gamle Skårsbrekkja, var det slalåm for damer på Skårsjordet og langrenn ved samfunnshuset. Konkurransen samla alle dei beste utøvarane i dalen mellom andre Torbjørn Viken (som

vann), Erling Steineide, Arne Botten, og Oddvar Aasen. Hopprennet vart vunne av Alf Danielsen frå Aal ungdomslag og slalåm av Åse Lindholm, også ho frå Søre Ål.

Ungdomslaget feira stort 70-årsjubileum på samfunnshuset i 1964, men sovna etter kvart inn.

# BASAR, BLINDESAKS-KVELD OG JULETREFEST

I meir enn hundre år har basar vore ei inntektskjelde for ymse lag- og foreiningar. Basar var også ei kjærkome inntektskjelde dei fyrste åra til samfunnshuset eksisterte. Seinare har vi ofte høyrt uttrykket "god gammaldags basar". Ein sat ikkje å selde lodd på butikkane den gongen slik som nå. Alt var koncentrert om ei helg, gjerne både laurdag og søndag. Attåt loddsal var det ofta skyting og pilkast på scena, noko som var særskilt populært særleg blant mannfolk. Basar kunne kombinerast med litt underhaldning, eller ein dansefest laurdagskvelden. Søndagseftan var det trekning. Toppåret når det gjaldt basar var i 1963 da det vart halde ikkje mindre enn fem.

Dei som har fått grått hår og nostalgitiske tankar vil hugse blindesakskveldane på slutten av 1950-talet og byrjinga av 60-åra. Det var Erling Stordahl og Gunnar Engerdahl som reiste rundt og underholdt til inntekt for blindesaka. Ofte var også An-

**ENGEDAHL & STORDAHL**



INNEHOLDER BL.A:  
Førstereisgutten • Lise-Lotte  
Ungkarsvalsen • Vesleblakken  
Piken i dalen • Den vakreste jenta på Lista

*Diamanter*

Blindesakskveld med Gunnar Engerdahl og Erling Stordahl var populært på slutten av 1950 og byrjinga på 1960-talet. Dei spela inn cirka 120 sanger på plate. Fotokopi plateomslag



Frå juleavslutning for barneskulen på Lalm. Det har vore mange slike gjennom tida.  
Foto: Terje Kleiven

ders Saus med, eller nokon annan. Med sitt sprudlende humør, gode historier, sang og musikk av beste slag, var dette noko som folk såg fram til og sette stor pris på – gamle som unge. Slagarar som *Haralosen, Storfiskarvalsen, Elgjakt* og *I tresko og buserull* er av mange gode minner for dei som fekk oppleve desse blinde-sakskveldane. Og kven vart ikkje rørt når dei høyrdesangen om *Vesleblakken*. Gjennom 17 år gav Engerdahl og Stordahl ut om lag 200 sanger på plate.

Det blir fortalt ei artig historie frå ein gong Engerdahl og Stordahl overnattet på Svee hotell. Da vertinna kom oppå rom-

met deira sat dei i stummande mørke. "Neimen, ha' døkk ikkje sli på ljuset", utbraut ho. Ho tenkte ikkje over at nett-opp det kunne vera eitt feitt for dei to. Erling Stordahl vart seinare drivkrafta for etablering av både Riddarrennet og Helsesportssenteret på Beitostølen.

Juletrefest var fast takst, som regel var det to. Skulen hadde sin og søndagsskulen sin. Ja, i 1965 står det oppført at det var tre juletrefestar. Dette var ein tradisjon som dei hadde med seg frå tidlegare, både frå Vonheim og skulen og som var gode tilstelningar med mykje folk.

#### BANK

Visste du at det var bank på Lalm? Men slik var det faktisk. I fleire år på 1960-talet hadde nemleg Vågå Sparebank kontordag på samfunnshuset. I 1962 kan vi lesa om at det var ti kontordagar, i 1966 var det 24. Det var gangen og garderoben som vart nytta til dette. Dette var eit tiltak som var til glede for mange i ei tid bil og transport var analleis enn i dag. Mange vil hugse at det seinare var bankbuss ein gong i veka. Men alt dette var før den "moderne" tida sentraliserte bankvesenet og gjorde tenesta digital, og fjern, for mange.

## | NYE OMBYGGINGAR

Ein skulle tru at eit nytt hus ville halde seg utan særlege påkostningar lang tid framover. Men slik vart det nå ikkje. Ikkje meir enn ti år var gått før ein såg at noko måtte gjerast med taket. Det vart derfor bestemt å legge Icopal takpapp. Denne kostnaden kom på 10.439.

Ei anna utfordring var badstua. Frå

årsmeldinga i 1962 kan vi lesa. "Etter eit grovt overslag, ser det ut til at ein ved å isolere betre badstugu kan vi spare ca 1,- kroner for kvar gong badstugu er i bruk, eller godt og vel 20 kroner året. Over lengre tid vil altså dette vera lønsamt".

Det vart også ført eit langvarig arbeid for å få kjøpt tomta som tidlegare had-

de vore bygsla. Tomtekjøpet vart sett til 6.000 kroner. A/S Langmorkje Almenning hadde gjeve 4.000 til formålet. Tomte-spørsmålet skulle vara ved enda ein del år. Av årsmeldinga for 1966 blir det peika på to ting som styret er særslig nögd med: Avtala med den nye vaktmesteren (Trygve Nessen) og høgding av driftstilskotet frå kommunen på 1.700 kroner per år. Gjelda på huset er nå nede i 54.300 kroner.

Av anna gjeld er strøm til Eidefoss på til saman 5.000 kroner samt restgjeld på pi-anoet på 1.700 til Vågå Sparebank. Dette vart betalt året etter. Dei var også mykje på etterskot med løn til kasseraren. Det vart etterbetalt i 1967 for heile tidsrommet 1960-67 med 200 kroner per år, til saman 1.400.

dem stor takk skyldig for den eineståande jobben dei har gjort. Vi må vera klar over den gode økonomiske stoda som laget er i skriv seg frå festar som desse to har hatt arbeidet med". I seinare årsmeldingar blir dei kalla "lagets finansministere". Men naturlegvis var det også ein heil del andre som var med i dette arbeidet, ikkje minst ungdom.

kurrentane i bygdene rundt. Bare enkelte ganger har de kommet med fortvilte forsök, men hver gang er de blitt slått kraftig tilbake, lenger og lenger for hver gang". Folk kom langvegs frå. Frå nabobygdene, ja, til og med frå andre dalføre. Ein kar frå Vågå som var på tur heim att frå Trondheim, tok på nokre haikarar ein plass i Trøndelag. På spørsmål kvar dei skulle var svaret: Åt Lalm på fest.

Ei slik utvikling gav seg naturlegvis ikkje sjølv. Ein måtte finne tak i rette orkesteret. Leif Hanslien var ekspert på akkurat det og fekk etter kvart eit stort kontaktnett med dei viktigaste managerane. Når orkesteret var bestilt og pris avtala, ordna med leige av samfunnshuset, var det kunngjering når den tid kom. Det var annonser i både Dagningen og Gudbrandsdølen og det vart skrive og hengt opp plakatar. Kor mange tusjar han brukte opp veit ingen, eller kor mange sykkelutiturar Leif gjorde frå Hanslien å Lalm for å henge opp plakatar. Ja, han sykla heilt åt Vågåmo for å få opp plakatar. Og han fekk sendt med skuleelevar til Dovre og andre til Vinstra og Heidal. Så var det å skaffe ordensvern.

Nå stod att berre sjølve festen. Og det var ikkje berre, berre. Med 500-600 i feststemning følgde det gjerne ein del drikking, fyll blant ein del, overstadig fyll blant nokre få, litt krangling eller ei durabel leg slåsskule kunne lett bli resultatet. Med litt innabords var det ikkje uvanleg at instinkt vakna, enkelte skulle vise seg og kanskje var det eitt og anna agg dei hadde til einkvan. På tide å gjera opp! Det var til og med dei som hadde med seg arbeidsklede i tilfelle det vart eit basketak eller rettare sagt for å ta eit basketak. Fleire

## LALM – DALENS FESTHOVUDSTAD

Fest på Lalm var ikke noko nytt. Det hadde det vore på gamle Vonheim, og det vart det også mange av etter at samfunnshuset kom i stand. Av årsmeldingane kan vi lesa at det låg på mellom tjuge og tretti dansefestar i året gjennom store delar av 1960-talet, men med ein viss nedgang mot slutten. For det aller meste var det forskjellige gamaldansgrupper som spela, og oppslutninga kunne vera både og, og inntektene deretter. Det kom mykje an på kven som spela. Var det kjente attraktive spelmann kunne det gå bra, viss ikke var det så som så. Det var fele og trekkspel det gjaldt, ein og annan gong saman med gitar. Mange vil sikkert hugse grupper som Hjalmar Moen og Hans H. Holen, Tønseths trio og ikke minst Oddvar Nygård og Ola Opheim.

Men i det vi gjekk inn i eit nytt tiår kom

det ei endring. Det heile starta eigentleg den 18. juli 1969. Da kom for første gong eit moderne rockeorkester åt Lalm: Totenbandet Una Corda med Toten-Bjørn som vokalist. Ei ny festepoke starta og som skulle vere gjennom mesteparten av 1970-talet, og som sette spor etter seg på fleire enn ein måte.

Det var først og fremst Lalm idrettslag som stod i bresjen for festane, somme gonger i samarbeid med andre. Men også arbeidarlaget, musikkforeninga og samfunnshuset sjølve stod som arrangørar. Frå årsmeldinga til idrettslaget 1971 står det mellom anna: "Festkomiteen i Lalm i.l. er eit kapittel for seg, dette har vore lagets ryggrad heilt sidan starten for snart to år sidan. Det er særleg to av lagets medlemmer vi vil trekke fram. Jorunn (Løkken) og Leif (Hanslien)... Alle vi andre i laget er



Leif Hanslien var sjølve "festgeneralen" på Lalm på 1970-talet.

### Samfunnshuset til gode

Dette arbeidet kom også Lalm samfunnshus til gode i form av inntekter frå husleige og kafédrift. I hard konkurransen med mange andre, hadde Lalm greidd å bli den store feststaden i dalen. Eller for å sitere ei årsmelding i idrettslaget (1971): "...man har nesten totalt tatt knekken på festkon-



Prudence med Åge Aleksandersen og Terje Tysland spela på Lalm på 1970-talet.

gonger hende det at bøller vart utestengt frå dansefestar i seks månader. Dette var oppe som styresak i samfunnshuset.

## Landskjente orkester

Benny Borg, Øystein Sunde, Jahn Teigen og Inger Lise Rypdal har sikkert fleire ting felles. Ein av dei er at det har opptradd på Lalm samfunnshus. Av kjente orkester

kan nemnast: Nordre Sving, New Jordahl Swingers, Diddle Bugs, Firebeats med Ingjerd Helen, Prudence med Åge Aleksandersen og Terje Tysland, Ole Ivars, Unit Five, Septimus med Steinar Fjeld,,

Country Snakes, Terje Fjærns orkester med Gro Anita Schønn som vokalist og trøndergruppa Four Jets med Liv Mylius. Av andre artistar kan nemnast May Britt Andersen, Anne Marie Kvien, Lillian As-

keland og Stein Ingebrigtsen. Den kjente trøndergruppa Gluntan fann også vegen til Lalm, likeså Odd R. Anthonsens orkester fra Hamar. Og mange fleire. Innimellom var det ein og annan gammaldansfest, gjerne med Sven Nyhus kvartett fra Rørostraktene, men også Arnt Haugens orkester, Toradertrioen fra Hallingdal og Petter A. Røstad med den kjente felespel-

aren Hilmar Aleksandersen gjesta Lalm. Ein gong var det eit kjent dansk orkester som kom til Lalm. I eit intervju i ei av riksavisene fortalte dei at dei skulle oppstre i tre byar i Norge: Trondheim, Lalm og Oslo. Kva dei tenkte da dei kom til det midtarste "byen", skal vera usagt. Nemnast må også Ellen Nicolaysen: I 1974 kom rett frå Tokyo – der ho hadde gått heilt til

## Brev til redaktøren

### Ungdom, dansefester og bråk - og et forargelsens hus

Hr. redaktør.

Det er blitt en del stoff i avisene om at Lalm samfunnshus for en tid siden ble stengt for dansefester, og fra flere hold er vi blitt bedt om å redegjøre for saken.

I G og LT av 18. november har Eyde stort oppslått intervju med en ungdommer fra Vågåmo, der spørsmålene var om norddølene liker voldsomme fester, og om festforbudet på Lalm samfunnshus er berettiget.

Flere av disse ungdommene har regelmessig vært å se på festene på Lalm. Men alderen tatt i betrakting så kan de vel neppe ha så særlig stort sammenligningsgrunnlag å bygge på, for å uttale seg om dansefester i alminnelighet, eller om festene på Lalm i særdeleshet.

vis skapt misunnelse i vide kretser.

Festarrangørene på Lalm bruker vanligvis orkestre som spiller moderne «pop»-musikk. Dette har forårsaket mange. Som kjent er fela «nasjonalinstrumentet» i norddalen. Felemusikken er en helligdom, og blir den fortrentg av «moderne skrammel og ulåter», blir mange såret langt inn i hjerterøtene. Rikskonsertene, Riksteatret og kulturvelder på samfunnshuset med hornmusikk og tale av læreren, har vanligvis vanskelig for å samle folk i bygdene her omkring. Men dansefestene på Lalm samfunnshus har samlet stappfulle hus, lørdag etter lørdag og år etter år.

Fra gammelt av var det slik her

Festinga på Lalm gjekk føre seg både på samfunnshuset, i avisspaltene og i politikken.  
Faksimiler frå Gudbrandsdølen og Dagningen

topps under "Best Performance Award" i den internasjonale World Popular Song Festival – til Lalm for å få bygdeungdommen til å bjukte seg på dansegolvet. Kontrastane kunne neppe vere større.

For ei tid. Om veggene kunne fortelja frå denne tida! Kva ville dei sagt? Dei ville sikkert fortalt om musikklevan av eit desibelnvå som heldt på å lyfte taket og der det knapt var råd å seia eit steikens ord. På det verste raus det sagflis frå tak og veger og det var som golvet gynga. Dei ville fortelja om ungdom som bjukta seg på dansegolvet som graset framfor ein halvkass låg der dei prøvde å følgje rytmene som slo ut gjennom høgtalarane med høgst varierande eleganse. Dei ville fortalt om par som sat i benkjom, somme prata, somme dreiv "trynsleikjing" av forskjellig art eller fingerkraftsing av ubeskrivelege kroppsdelar. Det var nok mange som fekk sitt første kyss desse åra, eit første strøk av kjærleikens egjande sòdme. Andre stod som stolpar langs veggjom og våga seg korkje fram på golvet eller ta kontakt med det motsette kjønn. Det var gjerne dei som var "lite for seg" som det vart sagt, ei overvekt av karfolk ville statistikken hevde. Ei lerke kunne finne vegen frå lomma til truten, somme i løynd, andre meir openlyst. Og salen var stinn av tobakksrøyk og heit av sveitte.

Det inneveggane ikkje såg, var det som hende ute, langs veggane der, blant furuleggjom eller i bilane som stod parkerte. Der hende det òg eitt og anna.

### Ei varevogn med farleg last

Det oppstod nokså fort misunning. Det var nok fleire som prøvde å stikke kjeppar i hjula, og det var slett ikkje støtt det vart brukt redelege middel. Ein gong greidde faktisk ein annan arrangør frå eit kommunesenter litt lenger vest for oss å avbestille musikken som Lalm hadde booka. Eitt middel som vart brukt var å skape uro, slåssing og spreie rykte om fyll og spetakkel på festane. På tilkalla lovvens handhevar. Få til overskrift i avisene. Det hende berre ein gong at huset var stengt i stuttare tid. Men lalmingane gav ikkje opp. Den perioda huset på Lalm var stengt, arrangerte dei fest på Sel i staden-

"Mange ufine metodar vart teke i bruk for å skandalisere festene på Lalm. Spesiialverktøy vart med til festen for å skru opp vassledninga og kraner for å få vannet til å flomme utover på klosettene. Folk i biler kjørte inn til samfunnshuset etter at festene var slutt for å knuse flasker og glass". Dette skriv formannen i Lalm Samfunnshus, Ola Reiremo, i eit lengre innlegg i lokalavisene datert den 22.12.1972. Målet med dette var openbart: Å skape såpass mykje läkt omdømme at huset vart stengt.

I eit innlegg eit par månader seinare (19.2.1973) ber styret i samfunnshuset om at Sel sluttar ned ølsal. "Når det gjelder salg av øl står Sel i en særstilling i norddalen. Den edruskapspolitikk nabokommunen fører, har liten virkning når kjøpmennene i Sel forsyner store deler av Gudbrandsdalen med øl". Dette vart altså ein debatt om ungdomspolitikk, om omsetjing og bruk av alkohol, det offentlege si rolle i dette, som styret i Lalm sam-

funnshus prøvde å sette i eit vidare perspektiv.

Seint ein laurdag i 1973 var det ei varevogn som var uheldig og kjørte av vegen like ved Lalm. Sjåføren fekk hjelp av ein traktor frå distriktet. Traktorføraren undra seg over lasta som bestod av øl. Konfrontert med det, laut sjåføren av varevogna fortelja at det var god forretning å selja øl på Lalm.

Fleire gonger kjem det innspel frå samfunnshusstyret som grip direkte inn i alkoholdebatten på ymse vis. I april 1971 sendte styret brev til Vågå kommune med krav om "fortsatt avslå alle søknader på salg av øl over disk, da vi har erfart at bygdas ungdom ikkje har drive så mykje øldrikking sidan salg over disk vart forbode. Dette viser seg godt på festane våre, og det foreningsmessige må stilles i skyggen av ungdommens ve og vel"

Kor mange festar det var desse åra er ikkje godt å ha oversikt over, men eitt år var det 54 festar på samfunnshuset. I 1970 arrangerte Lalm idrettslag 39 festar.

Nyhus kvarsett spelte 30 gonger på Lalm frå 1970-1983.  
- Det var alltid triveleg. Slik interesse for dans og spel som der skal du leite lenge etter, om det finst, sa Nyhus, han æra lalmingane med å komponerte galloppen «Lalmingen», og denne laut sjølv sagt framførast.  
Og den vakre Bergrosa hans kjem ein ikkje utanom.

Leif Hanslien kan fortelja at Firebeats med Ingjerd Helen hadde rekorden i selde billettar med 888. Elles har han rekna ut at meir enn 500 personar har spelt til dans på Lalm samfunnshus og at det vart løyst vel 149.000 billettar dei åra han stod

## Skandalisering av Lalm-festene?

Mange ufine metoder er tatt i bruk for å skandalisere festene på Lalm. Spesialverktøy er tatt med til festen for å skru opp vassledninger og -kraner for å få vannet til å flomme utover på klosettene. Folk i biler kjørte inn til samfunnshuset etter at festene var slutt for å knuse flasker og glass. Et vanlig gjennomgangstema blant bråkmakere som møtte fram på festene, har vært at de nok skulle klare å få stengt samfunnshuset.

Det er formannen i Lalm Samfunnshus, Ola Reiremo, som i et lengre innlegg

i avisens dag skriver dette som en kommentar til at politiet i høst stengte samfunnshuset. Reiremo fortsetter:

- Det er ikke bestandig så greit å være ordensvern når en råsterk desperado blir skjenket full og oppglet for å gjøre bråk.

Vi skal være de første til å innrømme og beklage at det har vært fyll og bråk på festene våre. Men samtidig vil vi gi diplom til den som kan påvise et samfunnshus i Gudbrandsdalen hvor slike ikke har forekommet

22/12-72 Side 4

Faksimile fra Gudbrandsdølen og Dagningen

# Styret i Lalm samfunnshus ber Sel slutte med ølsalg

— Når det gjelder salg av øl, står Sel i en særstilling i norddalen. Den edruskapspolitikk nabokommunene fører, har lite virking når kjøpmennene i Sel forsyner store deler av Gudbrandsdalen med øl. Det er vel ingen som kan vise til noe universalmiddel som kan kurere alle alkoholproblemer, men det er grunn til å anta at en kan få slutt på ølomsetningen i dagligvareforretningene, og at dette er et skritt i riktig retning.

Det er styret for Lalm samfunnshus, ved formann Ola Reiremo, som sier dette i et brev styret har sendt til kommunestyremedlemmene i Sel.

I brevet heter det bl. a. det ligger et tungt ansvar på kommunestyret i Sel for utviklingen av ølforbruket i norddalsbygdene. Vi vil med dette rette en alvorlig henstilling til hvert enkelt kom-

munestyremedlem om å bidra til å få slutt på øl i klasse II og derover fra dagligvareforretningene i Sel kommune.

At ølet har en helt dominerende plass når det gjelder den kraftige økningen av ungdomsfyll, får vi merke vi som har fornøyelsen av å plukke opp alle tomme og knuste ølflasker som blir slengt utover ved samfunnshuset.

Det er på bakgrunn av at Selensmannen har kommet med klage over forholdene ved Lalm Samfunnshus at styret har vendt seg til Sel kommunestyre. For, som de hevder, det er like mange ungdommer fra Sel på festene på samfunnshuset på Lalm, som fra Vågå.

### FEIL POLITIKK

Styret mener også at uttalelsen fra politimesteren i Lillehammer

på ingen måte er riktig når han hevder at det har vist seg at stengning av huset har en gunstig virkning når forholdene med fyll og slagsmål utarter.

Det er nemlig ingenting som tyder på at problemet med fyll har bedret seg på grunn av at lokalene var stengt en tid.

Den ubehagelige sannhet er vel at myndighetenes alkoholpolitikk har slått feil, og dette gjelder såvel her i bygdene som i landet forøvrig. Når de uheldige følgene viser seg, synes det å være en tendens til omgående å skulle «henge» noen så fort et eller annet skjer. Det er dessverre nærmest ingenting festarrangørene kan gjøre for å bedre forholdene med fyll blant ungdommer. Vi ser det slik at dette er et ansvar for samfunnet i videste forstand, heter det bl. a. i brevet fra styret i Lalm Samfunnshus. 19/2-73

Faksimile fra Gudbrandsdølen og Dagningen

i som festgeneral.

Festepoken var altså ved mesteparten av 1970.talet, men ebba etter kvart ut. I dag er tida med dansefestar laurdagskveldane definitivt over, ikkje berre på Lalm men over alt. Mange meiner den sosiale møteplassen som dansefestane var, var eit gode for ungdomen på mange vis. På godt og vond er nok dette eit sakn. Men så får vi heller tenke attende vi som fekk oppleva det.

Så er det vel slik med festom på Lalm, som så mange andre hendingar som kjem på avstand. Hukommelsen og folkemunne har lett for å spela på lag og gjera ting kanskje enda større enn dei eigentleg var. Sjølv i dag meir enn førti år seinare, kan

ein treffe på folk som kan fortelja at dei var på Lalm på fest. På ein skitur til Storbjørn for nokre få år sidan treftte vi på nokre gausdølar som hadde vore på Lalm på fest. Og ein gong Ingrid og Håkon Rusten skulle kjøpe seg kaffe på Beitostølen, høyrd serveringsdama at dei var frå eit anna dalføre. Da dei fortalte at dei kom frå Lalm utbraut ho: "Der har eg vore mykje på fest".

Musikaren Trond Halle i Baksida har sett ord og tone til denne tida, da Lalm var dalens festhovudstad. Det er sikkert mange som kan kjenne seg att i dette.

Nyhus kvarsett spelte 30 gonger på Lalm frå 1970-1983.

- Det var alltid triveleg. Slik interesse for dans og spel som der skal du leite lenge etter, om det finst, sa Nyhus, han æra lalmingane med å komponerte galloppen «Lalmingen», og denne laut sjølv sagt framførast.

Og den vakre Bergrosa hans kjem ein ikkje utanom.

Sven Nyhus og Lalm.

# FEST PÅ LALM

(av Trond Halle, Baksida)

*Sola stod der raud og rund  
ein efta seint i mars.  
Oss va fire gute frå nedpå Fron,  
har starta band der e spelte bass.  
Oss va på veg nordover dal'n  
en Kjell ha fått seg folkevogn  
oss ha tenkt oss åt Lalm på fest  
og flæska gjekk på rondgang oss held på  
vart i godt humor.*

*For det va fest på Lalm  
e sveve høgt på ei sky.  
Men så vart e sjuk og kvalm.  
Ha hatt ti meg aldes for my.*

*Endeleg så va oss framme.  
Oss betalte å trampa inn  
huset det va stappa fullt.*

*Og døm som spelte va Junipher Green.  
Og folk døm kom frå elle stann'*

*Frå Oppdal, Kvam og Skjåk.  
Døm spelte Friendship det let så toft  
Og eg ønskte meg en svart Les Paul  
tå ekte fabrikat.  
E motte ei der e kjende frå for:  
E likte ho ganske godt.  
E la armen rundt ho og tenkte.  
Nå går det bra så smått.  
Men e kjende meg nokså svimmel  
Ja, nesten beit ut kvalm  
Snart låg e spydd bak Samfunnshuset på Lalm.  
Og bakken va en karusell  
som gjekk rundt og rundt.  
For det va fest på Lalm  
e sveva høgt på e sky.  
Men så vart eg sjuk og kvalm.  
Vart liggjan ute å spy.*

## DET MEST DRAMATISKE ÅRET

Fyrste delen av 1970-talet var nok den tidsbolken Lalm samfunnshus har vore brukt absolutt mest. Idrettslaget hadde starta opp etter sju-åtte år i dvale, musikklivet blomstra og det var også stor aktivitet i andre delar av foreningslivet. Filmframstillingane gjekk som før, i tillegg hadde vi fått bingo og sist men ikkje minst den store festepoken hadde slått seg til på Lalm. Frå årsmeldinga for 1972 tek vi med ein del tal som syner aktiviteten:

- 47 dansefestar
- 21 filmkveldar
- 48 bingokveldar
- 76 treningskveldar der også badet var nyttar
- 21 musikkøvingar
- 13 kveldar med kurs i folkeviseleik
- 23 møte av ymse slag
- 4 bryllaup
- 1 konfirmasjon

Elles var venterommet nyttar til utallige mindre møte. Skulen nyttar huset tre-fire gonger kvar veke i vinterhalvåret til gymnastikk med bading. I tillegg kom bruken

av legekontoret og biblioteket. Som det står i årsmeldinga: "Om året 1972 kan ein seia at det har vore det mest hektiske og dramatiske år i Lalm samfunnshus si historie. Aldri har huset vore nyttar så ofte, aldri har det kome så mange klager, særleg reinhald inne i huset og rydding utanfor. Den store dramatikken kom heilt uforberedt på den 30. oktober med danseforbundet fram til jul".

Bygdaskalden Peder Lien skreiv ei vise denne tida som kom rekande gjennom ein draum han hadde. Det handla mellom anna om vanskane idrettslaget hadde med utbygging av idrettsplassen. Men eitt vers hadde han også om samfunnshuset. Det lydde slik:

Vårt samfunnshus var blitt bordell  
med inventar som storhotell  
etter folkeviljens aller siste ønske.  
Med nakendans hver enda kveld,  
pokerlag med flaks og hell.  
Som du skjønner det manglet ikke noe.

Riktog så gale vart det nå ikkje da.



Det fyrste 1-maitoget på Lalm gjekk i 1918. Etter at Lalm musikkforening vart stifta i 1933 var det tradisjon i mange år at dei spela utanfor klebermølla på Bårstad når nattskiftet gjekk av. Deretter gjekk dei i tog ned klebervegen til sentrum. Foto utlånt av Kari Bjørkheim

## I SÅ SAMLES VI PÅ VALEN

Arbeidarrørsla har stått sterkt på Lalm. Grunnlaget for det finn vi heilt attende på 1800-talet der det var eit stort klasse-skilje i samfunnet med eit stort omfang av husmenn og lausarbeidrarar. Rundt 1900 kom jernbaneslusken oppover dalen og vi fekk industrialiseringa, ikkje minst med kleberutvinning og vasskraftutbygging. Østlandske stenexport etablerte seg i 1915 og utbygginga av Eidefossen kom i 1916-17. Nettopp kraftselskapet A/S Eidefoss og A/S Østlandske har vore viktige faktorar for at arbeidarrørsla har halde seg så sterk

på Lalm.

Fyrste fagforeninga i Vågåbygda vart danna nettopp blant dei som arbeidde med kraftutbygginga i Eidefossen i 1917 med Syver L. Kleiven som foregangsmann. Han hadde arbeidd ved jernbanen og vorte gripen av talegåvene til dei gamle agitatorane som for frå anlegg til anlegg for å vekkje arbeidsfolket. I 1910 var Syver L. Kleiven med under det første 1. mai-arrangementet som vart halde her i distriktet. Det var på Nord-Sel.

I 1918 vart det for første gong arran-



Både hus og folk har forandra seg med tida. Men «ånda» av 1. mai er den same. Foto utlånt av Kari Bjørkheim



I 2015 vart Bårstadutstillinga opna til ære over alle dei som har hatt sin arbeidsdag i kleberindustrien. Øyvind Skogum stod for snorklyppinga og spela fele.  
Foto: Terje Kleiven



Thorvald Stoltenberg er ein av mange kjente 1. maitalarar på Lalm. Her er han i samtale med Kari Bjørkheim.  
Foto: Arve Danielsen, Fjukan



1. mai-markeringa på Lalm held stand og stadfestar stillinga som ein av arbeidarrørslas bastionar i Gudbrandsdalen.  
Foto: Arve Danielsen, Fjukan


gert 1. mai på Lalm. Her var det mellom anna tale av redaktøren for bladet Solungen i Kongsvinger, Peder Løkke. Han var halvbror til Fredrik Olsen på Lalm.

Fagforeningsarbeidet gjekk nok opp og ned, både ved Østlandske og Eidefoss så vel som innan andre yrkesgrupper. Sjølv om A/S Eidefoss har vorte interkommunalt og kleberindustrien på Bårstad tok slutt i 1988, har 1. maifeiringa halde stand. I dag er det vel berre Kvam og Lalm att i nørdre delen av Gudbrandsdalen der folk går i demonstrasjonstog på 1. mai. Og frå Peder Løkke heldt si tale for 100 år sidan er det mange som har entra talarstolen på Lalm for å forkynne bodskapen om internasjonal solidaritet og kamp for sosia-

le og faglege rettar for arbeidsfolk. Blant dei meir kjende kan nemnast tidlegare utanriksminister Thorvald Stoltenberg, tidlegare ordførar i Sel og fylkesordførar i Oppland, Ola Dahl, Trygve Tamburstuen, som var statssekretær i fleire departement og stortingsmann Tore Hagebakken. Og ei mengde andre.

Fast inventar under 1. mai-markeringa har heilt sidan 1933 vore Lalm musikkforening. Og sidan 1959 har Lalm samfunnshus vore stad for feiringa. Det var gildt da samfunnshuset i 2015 opna ei Bårstadutstilling i det som tidlegare hadde vore ein del av garderoben, til ære for alle dei som hadde hatt arbeidsdagen sin i kleberindustrien.

Sidan 1959 har Lalm samfunnshus vore møteplassen kvar 17. mai.



langbordet og sjå variasjonen i tilbodet. Ein anna tradisjon er ymse former for leik på skuleplassen etterpå. Slik var det ved gamleskulen – der samvirkelaget står i dag – slik har det vore etter at nyskulen kom som nabo til samfunnshuset.

Ikkje minst desse mai-feiringane viser kor viktig det er å ha ei samfunnshus som ein felles møteplass.

...og kvar gong med Lalm musikkforening i spissen.  
Foto: Terje Kleiven

## KOM MAI DU SKJØNNE MILDE

Like så sikkert som at bjørkelauvet grønskast i liom og isbron blir borte langs elva, like sikkert er det at folk samlar seg ved samfunnshuset for å feire 17. mai. Ved sidan av 1. mai er det naturlegvis feiringa av sjølve nasjonaldagen som har følgd med i heile Lalm samfunnshus si historie. Her møtest folk i alle aldrar, frå dei i barnevogn til dei med grått hår og krykkje. Mange har snørlivstakk eller anna bunad. Ja, det har vorte fleire av dei den siste tida og eit større mangfold. Og stadig fleire menn er å sjå i bunad.

Mange utfløtte lalmingar finn vegen attende til heimplassen ein slik dag. Opplegget har sikkert vore forskjellig gjennom 60 år, men nokre ting har gått att. Folketog med Lalm musikkforening i spissen. Lalm fører også tradisjonen vidare når det gjeld mat ved at kvar heim tek med seg noko frå heime. Slik har det støtt vore ei glede å møtast ved





Trommegruppa CREO kom som ein frisk virvelvind til musikklivet på Lalm for ein del år sidan. Her er det under 17.maifeiring i 2015. Foto: Terje Kleiven

# VAKTMESTER – EI VIKTIG ROLLE

Vaktmester var ei viktig stilling i samfunnshuset. Reinhold av sal og rom som hadde vore i bruk, sørge for at toalett var i orden slik dei skulle, sjå etter fyringsanlegg og friskluftanlegg, gjera reparasjonar eller utskiftingar der dette var nødvendig, halde i orden området kring samfunnshuset slik at det såg skikkeleg ut med meire.

Det har heile tida vore lokale folk som har hatt denne jobben, sjølv om det fleire gonger har vore eksterne sokjarar til stillinga. Fyrste vaktmesteren var Harald Plassen. I 1962 vart han avløyst av Kristen Haugen. Seinare følgde Trygve Nesset og Helmer Evensen før Kåre Olderkokken overtok i 1974. I starten var det med i planane å bygge eigen vaktmesterbustad. Dette var eit tema som var opp også seinare. Samfunnshuset hadde ei tid også tomt for dette. Men planane vart aldri realiserte.

Naturlegvis kom det tid om anna klage på arbeidet til vaktmesteren, særleg på det som gjekk på reinhold. Det kunne vera frå skulen eller lag som leigde huset til ymse aktivitetar. Nå var det sikkert ikkje berre berre å gjera reint etter ein laurdagsfest, men! Elles var det slik at vaktmesteren hadde inntekta av kafeen og garderoben. Samfunnshuset hadde fyrsteretten viss ikkje vaktmesteren ville ha den. Eit aber med jobben var naturlegvis at det følgde med mykje helgearbeid, særleg var dette tilfelle på 1970-talet da

det var på topp med laurdagsball.

At løn også vart eit tema som kom opp med jamne mellomrom, seier seg nesten sjølv. Vaktmesteren ville naturleg nok ha ei løn det gjekk an å leve av. Samfunnshuset hadde også ein pressa økonomi å ta omsyn til. Men som regel kom det til semje mellom partane om dette,

Vaktmesterløma var i 1970, 750 kroner per månad. Den auka betydeleg ut igjennom 70-talet, men det var også den tida med stor pris- og kostnadsauke. For å gjera det lettare og meir rasionelt for vaktmesteren vart det gjort fleire investeringar og grep. I 1971 gjekk blant anna styret til innkjøp av støvsugar til ein kostnad på 3,300 kroner pluss moms. På styremøte den 29. august 1980 vart vaktmesterløna plassert i lønnstrinn tolv etter tariffen for kommuneforbundet. Stillinga vart definert som 2/3 stilling og årsłonna vart dermed sett til 46.595 kroner eller knapt 3.900 kroner per månad. Dette vil seia ein auke på nesten 50 prosent på ti år. Seinare vart lønna høgda til lønnstrinn 14.

Ei tid ut på 1980-talet vart det også tilsett ein vaktmesterassistent for å avlaste vaktmestaren ved enkelte helger og feriar. Amund Reiremo fungerte i denne jobben. Utgiftene til vaktmestertenesta hadde dermed auka kolossalt, samtidig som inntektene heller gjekk ned. Samtidig kom det store påkostnader på huset. Utgiftene til vaktmestertenesta synteg seg



Harald Plassen var første vaktmesteren på Lalm samfunnshus. Seinare følgde meir enn ti andre som har hatt som oppgåve å halde orden på og kring samfunnshuset. Foto utlånt av Eva Plassen Lilleengen

dermed å bli alt for høg i høve til dei innertene huset hadde. Noko laut gjerast for å balansere drifta av samfunnshuset. Styret vedtok derfor i 1987 å revurdere heile vaktmesterordninga.

Dei kom fram til to alternativ. Det eine var å setja ut stillinga som sjølvstendig med mindre løn eller tilsettja ein til å ta vaskinga der ein påla andre å ta arbeidet med kafé, hjelpe til med kino, vera til stades ved ymse arrangement. Generalforsamlinga i samfunnshuset 1987 gjekk inn for det første alternativet og styret vart bede om å utarbeide ny instruks for tene sta og at arbeidstilhøvet med vaktmester og vaktmesterassistent skulle opphøyra. Etter utlysing i avisene vart Reidun Stadeløkken tilsett som ny vaktmester.

Rundt årtusenskiftet vart ordninga

med fast vaktmester avvikla og det vart i staden faste folk som fekk jobb med vask- og reinhald.

#### VAKTMESTRAR ved Lalm Samfunnshus:

- Harald Plassen 1958-61
- Kristen Haugen 1961-67
- Trygve Nesset 1967-71
- Helmer Evensen 1971-74
- Kåre Olderløkken 1975-84
- Eva Olderløkken 1984-87  
(Ho overtok etter Kåre da han vart sjukmeldt i 1984)
- Amund Reiremo (Var tilsett som assisterande vaktmester)
- Reidun Stadeløkken 1987-88
- Vigdis Skjerpingtonstad 1989-92
- Kjell Bråten 1992-99

#### BRIGG HELL IKKJE?

Til årsmøte i 1972 låg det føre ein søknad frå vaktmesteren om å få halde fram med sal av Brigg. Brigg var ei øltype med lågt alkoholinnhald som vart introdusert i mai 1972. Ved avstemninga vart det ei stemmes overvekt for å gje slik løyve. Saka vart sendt til Statens ungdoms- og idrettskontor og svaret frå dei var tindrande klårt. «desse ølsortene

## SAMFUNNSHUSET – VÅR IDRETTSHALL

For Lalm idrettslag har samfunnshuset hatt umåteleg mykje å seia. Ja, kva skulle

dei gjort utan det? Her har det opp igjen nom tida vore aktivitetar som innetrening

for friidrett og fotball, bandy, trim for damer og allidrett for ungar. Ja, kor mange knebøyinger, armhevingar, situps og bomskot på mål, det kan vi berre fable om. Det vart sett i gang ymse dansekurs, både for unge og vaksne, både i gamaldans, swing og springleik. Til og med sjakk-kveldar vart det arrangert fleire tiår før Magnus Carlsen gjorde sjakk til TV-idrett. I seinare tid har det vore spinning.

Og på samfunnshuset var det dusj og garderobe når det var terrengløp eller an-

dre konkurransar. Ofte vart det brukt til premieutdeling. Fleire år på 1970-talet vart gangen nede bruk til luftgeværskyting, noko som var svært populært.

Samfunnshuset har vore godt å ty til ved store arrangement. I 1976 arrangerte idrettslaget norgesmesterskap i 20/10 kilometer terrengløp. På scena fekk Grethe Waitz, Ingrid Kristiansen, Øyvind Dahl, Jan Fjærstad og Knut Kvalheim sine medaljar og premiar. Namn som kling i idrettsøyro den dag i dag, meir enn før-



«Galgerudtrening» (etter Åge Galgerud som var trenar) var eit begrep på samfunnshuset i mange år. Dette har halde fram i mest alle år. Unge og eldre, kar og jente, det er plass til alle kategoriar for dei som ønskje å lea på skrotten. Foto: Terje Kleiven



Den første av flere gjeve medlemsfestar som Lalm idrettslag arrangerte. Under norges-  
mesterskapet i 20 kilometer terrengløp i 1976 var det samfunnshuset  
som var arena for premieutdelinga. Foto: Knut Ekren



Her får gullvinnar Grete Waitz, Ingrid Kristiansen og Berit Jensen sine velfortente medaljar av Peder Lien. Foto: Knut Ekren



Lalm var tidleg ute med klatrevegg. På 1980-talet var det mange som boltra seg på scena, somme lettkleddde.



Allidrett har år om anna vore populært tiltak på samfunnshuset. Her ein flokk spreke ungar samla ved ribbeveggen. Foto: Terje Kleiven

ti år seinare. Sidan har mange kjente og ukjente utøvarar entra scena for å ta imot hyllest. Vi kan stutt nemne Brit Pettersen, Anders Bakken og Erling Jevne. Alle desse vart seinare OL-deltakarar. Det var også på Lalm Samfunnshus at Håkon Brusven, med mor frå baksida på Lalm, fortalte om sine eventyrlege opplevingar frå olympiaden i Squaw Valley i USA.

Det er interessant å sjå kor mykje idrettslaget har brukt huset. Tek vi eit tilfeldig år som 1976 viser det at idrettslaget leigde samfunnshuset meir enn hundre gonger. (dansefestar, barnemaskerade, Galgerud-trening, trim, trening for yngre, hyggekveldar og luftgevær-skytingar). Dette viser kor avhengige ein har vore og er av kvarandre.

At Lalm også fekk ein av dei første innandørs klatreveggane i Norge er også ei kjennsgjerning. Det var Jotunheimen fjellsportklubb som fekk sett opp klatretak på bakveggen på scena. Eit par kveldar i veka over fleire år, samlast det klatrekåt ungdom her, både frå Otta og Vågå. Var ein i beit for skyss var det eit alternativ å ta føttene fatt. Det var det han gjorde ein 15 års gut frå først i Sjårdalen, han var så ivrig at han sprang den lange strekninga berre for å få klive ein times tid. Nokre gonger kom det ungdom heilt frå Oslo, frå Tyrikollektivet. Slik var Lalm med å spela ei positiv rolle i behandlinga av narkomane.

Klatreveggen var i bruk heilt til idrettshallen i Vågå vart bygd i 1991.

## BINGOFEBER

46 – fire seks. 17 – ein sju. Tala kjem monoton og sakte som ein stille flod. Over storsalen ligg røykskya som eit grått teppe, omrent som når truskarverket gjekk for full guffe og hausthalm og agne gjorde låvegolvet stint. Av og til er det einkvan som hostar.

Det er bingo. Folk sit og kryssar tal. Manglar berre eitt nå. Kanskje? Det er dørgande stilt. Berre ho som les tal på scena kan høyrast. Ho har makt, ho får det til å vera så stille, ho skapar forventing, avgjer om det blir gevinst eller ikkje. Men brått er det ein som ropar BINGO. Ei velvaksen dame sprett opp og kjem

fram til scenekanten for å få kontrollert tala. Dei andre sit skuffa. Praten får utløp for ei lita stund. “Fy flate, eg mangla berre eitt tal”. Så er det på'n igjen. Nye tal blir lese, nye tal kryssa, nye håp blir tente.

Bingoen på Lalm starta opp i 1970. Til å begynne med var det saker og ting å vinne. Frå kaffe på ei rekkje til ein hovud gevinst som kunne vera verd tusenlappen. Ein del vinnarar gjekk glade heim, andre var skuffa. Dei hadde vore så jælma nære på å få bingo. Men kanskje betre lykke neste gong.

Bingoferberen var høg hjå mange og sat lenge i, særleg hjå litt velvaksne eller el-



Jorunn Løkken demonstrerer den første bingomaskinen som var i bruk.  
Foto: Terje Kleiven

dre folk. Det var faktisk slik at når pensjonistforeninga hadde tur, kunne dei ikkje reise lenger enn at folk rakk heim att til bingoen ved halvsju-tida søndagskvelden. For det var søndagskvelden som

var bingokveld på Lalm. Ein gong hende det seg slik at sjølvaste julekvelden fall på ein søndag. Da var det ein som sa; "Da må oss flytte julekvelden". Bingoen var heilag, den kunne ikkje røyvast. Bingofe-



Olga Snerlebakken var ei drivkraft både i støttelaget så vel som i bingoklubben. Foto utlånt av Ådne Snerlebakken

beren herja meir med somme enn andre. Det blir fortalt om ein eldre kar frå Lalm som var på bingo seks kveldar i veka på ymse stader i norddalen. Den sjuande – da det ikkje var bingo nokon stad – var han potta sur.

Til å begynne med gjekk bingoen på rundgang mellom dei ymse laga på Lalm, men i 1986 vart det danna ein bingoklubb. Alle laga på Lalm. Bortsett frå arbeidarkvinnelaget, var med i bingoklubben og overskotet vart delt etter ein spesiell fordelingsnøkkel.

Det vart ei større endring kring bingoen da den nye røykelova kom. Frå 1996 vart det derfor innført eit røykfritt alternativ i veslesalen med eige høgtalaranlegg. Dermed kunne dei som ville pute fritt få gjera det.

Med tida vart det mindre folk som gjekk på bingo og lønsemda gjekk ned. Ut på 2000-talet tok det heile slutt. Men i meir enn tre tiår hadde bingo vore ei god inntektskjelde både for samfunnshuset og frivillige lag og foreningar på Lalm.,



Frå ein jubileumsfest i samfunnshuset. Frå venstre: Magnus I. Løkken, Kari Bjørkheim, Per Bjørkheim, Pål J. Løkken og Iver S. Ryen.  
Foto utlånt av Kari Bjørkheim

## PÅKOSTNINGAR, ØKONOMISK TRONGRRUM OG STØTTELAG

Det har ikkje støtt vore like enkelt å få endane til å møtast når det gjeld det økonometiske. Dei faste utgiftene som forsik-

ring, strøm, vaktmester med meir var der. Desse hadde ein tendens til auke. Dei faste leidgetakarane som Norsk Filmsentral,

kommunen, biblioteket og andre hadde ein tendens til å stritte hardt imot når styret foreslo auke i leigesatsane. Dette var ein del av situasjonen. På den andre sida kom behov for påkostingar, omgjeving rehabilitering. Dette merka ein godt utover på 1970-talet. Auka bruk gav auka slitasje, spesielt festinga. "Det er innlyssande at få personar ikkje slit så mykje på huset som mange", står det i årsmeldin-

nå på 4.930 mål. Kjøpesummen vart 5.295 kroner. I 1979 vart det kjøpt 200 nye stolar, dei gamle hadde gjort si gjerning.

Midt på 1970-talet vart det også ei utviding av badeavdelinga etter påtrykk frå skulen.

Dette vart finansiert med 1/3 frå kommunen, 1/3 frå samfunnshuset og 1/3 frå idrettslaget gjennom tippemidlar. Kom-

ga. I tillegg til vanleg slitasje for eksempel på golvet, kom hærverk. Dette gjekk mellom anna ut over klossetta som laut skiftast ut. Rett nok var det arrangøren som laut punge ut for dette, men arbeidet fall likevel på samfunnshuset.

Takrenner laut skiftast, utvendig beising måtte gjerast, like eins måling av veslesal, toalett og gang. I tillegg laut vi ha nytt ljosanlegg til storsalen og nytt høgtalaranlegg. Det måtte leggjast nytt golv da det gamle var utslite. Kommunen var med på finansiering av dette med 35.000 kroner. Nye gardiner laut opp. Det vart også lagt asfalt rundt samfunnshuset, noko som var eit lenge etterlengta tiltak. Alt dette kosta. I 1975 fekk samfunnshuset kjøpt tomta som tidlegare hadde vore bygsla. Tomtestorleiken hadde endra seg fleire gonger opp igjennom åra, mellom anna for å få større areal for parkering, og var

Husleiesatsar; fra 1. januar - 80.	
Glossalen, fest-kryllup	Kr. 650.-
Kino	" 175.-
Troll. biugo - basar	" 450.-
Duslesalen og kjøkkon	" 165.-
— " — " — "	" 70.-
Trinn	" 35.-
Musikkvirking	" 35.-
Utselrom nøk	" 35.-
Vestibyle	" 35.-
Bader og Idrettsramng	35.-
Heimevernet	" 4.000.-
<i>Dette varl einstemming godtjent.</i>	
<i>Age Evensen Thos Ullslettaas</i>	

Husleigesatsane slik dei var i 1980.

munen stilte garanti for idrettslaget sin del av finansieringa. I 1975 vart det sett ned ein byggekomité beståande av Paul Rødal (for idrettslaget), Bjarne Hoff (for samfunnshuset) og Sigurd Evensen (for kommunen). I tillegg til utviding av badet, vart det eit overbygg på 52,9 kvadratmeter som skulle brukast til nytt bibliotek. Totalkostnaden for heile prosjektet kom på

rundt 600 000 kroner.

Alt dette gjorde at det vart ei stri periode for samfunnshuset og dei laut ta opp lån i Vågå sparebank på 40.000 for å dekke utgifter dei ikkje hadde dekning til. Lånet gjekk over to år med ti prosent rente.

Lag og foreningar på Lalm stilte velvillige opp med gåver og dugnad. Både Lalm arbeidarlag, Lalm arbeidarkvinnelag og



Kjell Bråten (f.v.), vaktmester, Olga Snerlebakken, støttelaget, og Reidar Snerlebakken, formann, foran Lalm samfunnshus.

## S lår ring rundt amfunnshuset

Lalm bondekvinnelag trødde støttande til denne perioden. Andre lag skal heller ikkje gløymast.

I 1983 vart det starta eit støttelag for å hjelpe samfunnshuset med økonomien. Olga Snerlebakken var ei sentral drivkraft i dette arbeidet men naturlegvis var også andre med. Det vart halde basar, og kakelotteri og andre aktivitetar for å få inn pengar. I løpet av ni år samla støttelaget inn 300.000 kroner, noko som kom godt med til alle små og store investeringar samfunnshuset stod overfor denne tida.

Støttelaget for Lalm samfunnshus kom i stand i 1983 og vart ei viktig brikke når det gjaldt økonomien. Faksimile Gd arkiv

### Nytt kjøkken

Lenge har ein sett at kjøkkenet var for lite og tungvint og at noko måtte gjerast. Etter at fryseriet vart lagt ned, såg vi moglegheiter at delar av dette kunne leggjast attåt kjøkkenet. Det vart innhenta tilbod frå fleire leverandørar. Til slutt vart det vedteke å gå for tilbodet frå Per Hovrud A/S på 133.625 kroner pluss moms. I tillegg

kom ombygginga, så totalkostnaden for det heile kom på 248.035 kroner. Av dette vart det teke eit lånepoptak på 75.233 kroner. Det vart elles søkt om tippemidlar (noko vi ikkje fekk) og kommunalt tilskot. Men mykje fell på samfunnshuset sjølvé både i form av eigenkapital og ikkje minst dugnad.

Midt på 1980-talet kom det også større påkostnad og ombyggingar. Det mest omfattande var etterisolering og opprusting av varmeanlegget. Desse to tinga hadde ei kostnadsramme på over 120.000 kroner. Den totale summen for renoveringa kom på rundt ein kvart million.

Jau, det var behov for penger!

#### Base for heimevernet

I ein god del år på 1980-talet var samfunnshuset heldige å få ein ny leigetakar. Det var heimevernet som la basen sin hit under den vekelange årlege øvinga. Ei tid var det også på tale å huse Royal Marines som hadde vinterøvingar i Sjodalen, men dette vart det ingenting av.

## BYGDAKINO

"Det va' beste filmen e' ha' sett", var det ein pjokk som sa etter at han hadde vore med syster si på Vonheim på film. Men så var det òg den fyrste filmen han hadde vore på. Ja, det vart synt film på Vonheim frå tidleg på 1950-talet. Dette heldt fram i enda større omfang etter at samfunnshuset kom.

I 1948 oppretta Stortinget Norsk bygdekino. Formålet var å tilby kinodrift med visning av god film til bygde- og kystbefolking på stader som ikkje hadde fast kino. I 1969 vart bygdekinoen slege saman med Norsk filmsentral. Talet på filmar som vart vist, viser stor variasjon. I 1966 var toppåret med 32 filmkveldar. I 1977 var det berre sju.

Dei som var ungar den gongen vil godt hugse filmar som: *Far til fire*, *Helan og Halvan*, *Zorro*, *Stompafilmene*, *Petter frå Ruskøy*. For vaksne kan mellom anna nemnast krigsfilmar som *Kanonene på Navarone*, *Ben Hur*, langfilmen *Tatt av vinden* eller *Ann Magritt* med Liv Ullman i hovudrolla. Dei første åra vart også Filmavisen synt før sjølvé kinoframsyninga starta. Ein kan vel seia det slik at både Sophia Loren, Audrey Hepburn, Sean Connery, Leif Juster og Evgenij Grisjin har ein ting feles: Dei har rulla over lerretet på Lalm samfunnshus. At film hadde ei viss påverknad også den gongen, viste seg da ein gut frå synst i Ottdale' kom med "håhkamsveis" på skulen etter å ha sett



ein indianarfilm.

Film var ein fin møteplass for folk i tida før fjernsynet vart allemannseige, og kom i fargar og fleire kinalar. Nokon møteplass var det kanskje ikkje den gongen filmen kom til å kolldere med Ottamartna'n. Arne Hammer hadde gått der og vorte lei av karusellar og landbruksreiskap, juggel og pysje og fann ut at han heller ville reise åt Lalm på bygdakino. Men der vart han einaste frammøtte. Filmoperatøren ville gjerne syne filmen, men Arne tykte det var for gale å køyre filmen berre for ein person, så han slapp unna denne kvelden.

Bygdakinoen spela i fleire tiår ei viktig rolle på Lalm, som i andre småsamfunn

rundt i landet. Men tida endra seg og filmframstillingane tok slutt. Nå er det berre i sentrale strøk som Vågåmo og byar som Otta der det blir synt film. Ideen med folkeboksamling var å oppbevare og låne ut

Filmplakat frå 1960-talet. Tatt av vinden var bare ein av hundretals filmar som vart vist på Lalm.

# FOLKEBOKSAMLING OG DOKTORKONTOR



Kari Bjørkheim arbeidde med utlån av bøker i førti år.

Foto: Privat

bøker til folk. Dette har ei lang historie, også på Lalm. Mellom anna dreiv Anders Jevne utlån av bøker den tida han dreiv postopneri i det som eldre folk vil minnast som "Gammelposthuset". Seinare kom dette inn i skulen. Da samfunnshuset var under planlegging var det naturleg å tenke seg at ei folkeboksamling burde få plass der. Og slik vart det.

Den som av mange blir hugsa som bibliotekaren på Lalm er nok Kari Bjørkheim. Da ho gav seg hadde ho arbeidd med bokutlån i førti år. Etter henne overtok Ingrid Glad. Også Kristian Sveen og Admir Talakic var innom folkeboksamlinga på Lalm.

Boksamlinga var ein god møteplass for mange. Her kunne folk finne bøker til kunnskap, underhaldning og tidsfordriv. Men i 2003 vart biblioteket på Lalm lagt ned og alt samla i Vågåmo. I staden for utleige av bøker vart lokala fylt med spinningsyklar og sveitte. Da dette tok slutt vart det lager for musikkforeninga.

Doktorkontoret vart teke i bruk heilt frå starten, med opningstid ein gong i veka. Opplegget var slik at folk som skulle til doktoren for eitt eller anna måtte skrive seg på liste som låg på venterommet. Lista kunne bli lang, meir enn tjuge somme gonger, og var du seint ute og kom langt nedpå kunne det bli ei stund å vente. Tannlegekontoret vart aldri realisert, men helseyster hadde sine undersøkingar og

pirquet-sprøyte for skuleborn.

Men tidene endra seg. Dataalderen kom og det vart teke i bruk meir teknisk utstyr også på legekontora. Dette var ofte kostbart utstyr og det var behov for å sammeine tenesta på ein plass. Likevel kom det noko overraskande på styret at doktorkontoret på Lalm skulle leggjast ned. Den 25. september 1989 vart det halde ekstraordinær generalforsamling der legekontoret var tema. I samråd med kommunen var det lagt planer om å renovere legekontoret, Dørene skulle lydisolerast og det skulle byggjast handikaptolett. Steinar Løkken hadde gjort teikningar og utarbeidd kostnadsoverslag som lydde på 140.000 kroner. Kommunen skulle kjøpe utstyr til legekontoret for 100.000 kroner. Ombygginga skulle finansierast med lån og ny husleige vart sett til 600 kroner kvadratmeteren per år. Styret fekk fullmakt til å arbeide vidare ned saka.

Godt og vel to månader seinare hadde situasjonen snudd. På styremøte den 4. desember 1989 står i punkt 1. "I følgje vedtak i Vågå kommunestyre blir det ikkje legekontor på Lalm".

Noko hadde skjedd i kulissane. Stutt sagt kan ein vel seia at kommunen såg at tida var inne for å sameine legetenesta på ein plass i kommunen for å få ei best mogleg helseteneste samla sett. Økonomi var ein del av dette. I ettertid kan ein sjå at det var fornuftig. Men for samfunnshuset var det ei betydeleg leigeinntekt som vart borte.

I staden valde dei å gjera det om til leilegheit for utleige.

## Samfunnshuset som skule og barnehage

Ei stund føre jul i 1998 var det brann ved barneskulen på Lalm og både skulen og barnehagen vart totalskadde. Derfor laut det finnast alternativ «over natta». Løysinga vart samfunnshuset. Skulen la beslag på storsalen, biblioteket, to garderober og møterom. Barnehagen innordna seg i veslesalen og kjøkkenet. Skulen og barnehagen overtok også telefonen på samfunnshuset.

At huset også skulle brukast til for eksempel bingo og andre arrangement var sjølv sagt ei utfordring. Men med god organisering og godt samarbeid frå alle partar, løyste dette seg på ein tilfredsstillende måte. Samfunnshuset vart brukt til skulestove og barnehage heilt til sommarferien 1999.

Også frå juli 2007 til august i 2008 vart samfunnshuset teke i bruk til barnehage. Denne gongen var det i samband med ombygging og tilbygg på barnehagen.

# FRÅ JEGERMARSJ TIL TYROLERJENTER

Er det nokon som har gått att desse 60 åra så er det Lalm musikkforening. Dei har vore ein trufast brukar av huset til øvingar, konsertar og andre arrangement. Kvar einaste 1. og 17. mai har dei stilt opp framfor toget. Og i mange andre samanhengar har musikkforeninga vore frampa, ikkje

berre til beste for samfunnshuset, men for heile Lalm si befolkning. Utan Lalm musikkforening ville vi vore fattigare.

Musikkforeninga har hatt mange arenaer både på Lalm så vel som andre plassar. Den viktigaste og mest brukte har nok likevel vore Lalm samfunnshus.

Det vil gå alt for langt å koma inn på alle konsertane og tiltaka som musikkforeninga har stått bak, men nemner nokre: "Good old days" (1988 og 1989) som sette folk i ekstra god "gamal" stemning. Ved fleire høve har dei samarbeidd med amatørteaterlaget i Sjårdalen. Av slikt samarbeid kan det bli eit "Kjøle ståk". Julekonsertar, kon-



Lalm musikkforening har gjennom åra hadde mange flotte og kreative konsertar og underholdningskveldar.



«Tyrolergruppa» vart starta opp i 1987 med Rolf Lund Tønseth som «jordmor» og dirigent.  
Foto: Lalm musikkforening



Lalm musikkforening fekk kulturprisen i 1993. Kva var meir naturleg enn at det var under ein julekonsert med musikkforeninga at også Rune Borgaen Isaksen fekk sin kulturpris.  
Foto: Arve Danielsen, Fjukan



Konsert med filmmusikk er berre ein av mange spenstige og gode konsertar som Lalm musikkforening har stått fort.


sert med filmmusikk er andre kveldar som har skapt glede i grenda. Lalm musikkforeninga har også vore flinke til å få med underholdningskrefter frå bygdene ikring, både profesjonelle så vel som amatørar: Operasangerinna Ann Catrine Tesnes, rockaren Ole Jonny Bekkemellem, Endre Skjåk, Finn Sandum og Ola Hage, musikarane Thomas Bakke og Bjørn Kåre Odde for å nemne nokre. Der mange andre musikkforeningar slit både med styrevry, rekruttering og engasjement, har Lalm musikkforening på mesterleg vis evna å fornye seg, skape entusiasme og få ting til å skje, til beste for bygda. Frå å vera eit tradisjonelt janitsjarorkester, gjekk dei over til ei reindyrka brassoppsettning. Ei tid hadde dei ei eiga damegruppe som vart kalla "Tyrolerjentene". Lalm ungdomsbrazz fortel også at musikkforeninga har teke rekrutteringa på alvor.




Good old days er eit eksempel på det. Her er nokre av aktørane samla. Bak frå venstre. Rolf Lund Tønseth, Geir Inge Stadeløkken, ... Reidar Ymbjørgøyen, Tor Erik Fjeld, Tor Holbø og Odd Ymbjørgøyen. I Midten: Per Kristian Kleiven, Astrid Flaten, Jehans Holbø, Terje Kleiven. Fremst: Jakob og Arne Skogum. Arkivfoto Gd



Etterisolering og ny utvegg rundt heile huset.



Storrenoveringa av samfunnshuset i 2013-15 starta heilt frå botn. Alle bilde i dette kapitelet er teke av Rune Borgan Isaksen



Nye glas kom på plass.



Og enda på taket.



Øyvind Skogstad er i gang med å fikse hovudinngangen

# DEN SISTE STORE REHABILITERINGA 2013-2015

Lalm Samfunnshus hadde i høgste grad vorte innhenta av alderen og trong sårt ei skikkeleg opprusting. Styret bestemte seg for å sette i gang arbeidet i 2006 og fekk gjort ein tilstandsrapport med støtte frå Vågå kommune. Nordplan AS i Vågå leverte rapporten hausten 2007.

Etter å ha gått igjennom planen bestemte styret seg for å sette i gang prosessen med å søkje om støtte til rehabiliteringa gjennom Oppland fylkeskommune og Vågå kommune.

Finansieringa gjekk ut på ei tredeling mellom kommunen, fylkeskommunen og eigeninnsats frå utbyggjaren i form av dugnad. Kommunestyret i Vågå løyvde 500.000 kroner til prosjektet. Oppland fylke avslo den første søknaden men i 2012 stilte dei seg også positive.

Da var det jubel på Lalm! Planane vart lagt og arbeidet starta våren 2013.

Prosjektet gjekk ut på å isolere og kle heile huset på nytt, isolering av grunnmuren, nye glas, nye trapper og inngangsparti med vidare. Dette vart naturleg nok eit enormt lyft for samfunnshuset. Utan den store dugnadsånda på Lalm ville det vore vanskeleg å få det til. I løpet av tre år vart det utført 1.587 dugnadstimar. Dette arbeidet har ein verdi for rundt 800.000 kroner. Det offentlege får derfor "godt betalt" for å aktivere lokalsamfunnet på slike prosjekt. Berre fyrste året vart det halde tjuge fellesdugnader og utført til saman 915 dugnadstimar. Sinclair Mur og Bygg A/S var innleidt på det arbeidet

som var for omfattande til å bli utført på dugnad.

Kostnaden på heile prosjektet kom på 1.183.638 kroner, medan inntektene kom seg på totalt 1.120.646. Utbygginga gjekk såleis med eit underskot på 62.992 som vart finansiert av eigne midlar.

## VENTILASJONS-ANLEGGET

Men det stoppa ikkje der. Det var også behov for å gjera noko med ventilasjonsanlegget. I fyrste omgang vart ikkje krava til søknaden om dette oppfylt og styret laut tenkje i nye baner. Dei kom i kontakt med BS Rør & Varme AS som kunne tilby ei løysing som var interessant: Eit varmeanlegg som vi kunne leie og nedbetale over 15 år. Anlegget hadde ein kostnad på 592.375 kroner. Kostnadene for det interne utstyret, som radiatorar, røygater, viftekonvektørar, styring med meir var ei utgift vi sjølv måtte ta. Dette kosta 307.500 kroner

Samfunnshuset fekk omdisponert eit tilskot på 400.000 kroner frå Vågå kommune. I tillegg fekk dei eit tilskot frå ENOVA på 72.000 kroner. Prosjektet vart delvis avslutta i desember 2015 med dei midlane ein hadde til rådvelde. I etterkant kom det på meir i same prosjektet, noko som resulterte i ein tilleggssøknad til Vågå kommune.

Stein Kluften og Ove Turtum  
er i gang med ny trappe-  
inngang på nordsida.



LALM SAMFUNNSHUS INN I FRAMTIDA

# LALM SAMFUNNS- HUS INN I FRAMTIDA



Øyvind Skogstad er i gang med  
å fikse hovudinngangen



... og her er sluttresultatet.



Lalm har hatt tre  
industriar som har vore  
med å forme kretsen.  
Kvennberget,  
kleberindustrien på  
Bårstad og Eide-  
foss. Dette vart nå  
symbolisert med  
utsmykking  
utanpå veggen

Utan dugnad ville dette prosjektet ikkje vorte gjennomført.  
Totalt vart det utført 1587 dugnadstimar. Dette tilsvasar verdi  
for rundt 800.000 kroner. Det offentlege får derfor  
«godt betalt» for å aktivere lokalsamfunnet på slike prosjekt.  
Totalkostnaden kom på omlag 1,2 millionar kroner pluss  
cirka 600 000 kroner for nytt ventilasjonsanlegg.



## Frå Lutlag til SA

Heilt frå starten hadde samfunnshuset vore organisert som eit lutlag der private lotteigarar hadde rett til ein representant til styret og der alle hadde møte- og talerett. Frå 2013 kom det påbod om at alle selskap med avgrensa ansvar måtte endre organisasjonsform til samvirkeforetak (SA) og innrette seg etter samvirkelova. Årsmøte i Lalm samfunnshuset følgde opp dette og endra vedtekten i tråd med dette. Det nye namnet vart endra til Lalm samfunnshus SA Etter vedtekten skal styret bestå av fem-sju personar med varamedlemmer, valde blant dei aktive lag- og foreningane på Lalm. Representasjonen skal gå på omgang.

## Styret i jubileumsåret er:

Rune Borgan Isaksen (leiar), Ingrid Henriksen (Lalm pensjonistforening), Imbert Kleiven (Lalm arbeidarlag), Kjell Bråten (Lalm musikkforening), Liv Skogum (Lalm vel og grendeutvikling) og Grethe Slåen (FAU ved Lalm skule).

## Framtidstankar

Som vi har sett gjennom denne historiske oppsummeringa av samfunnshuset sitt 60-årige virke har det skjedd store endringar, ofte på grunn av, eller i tråd med samfunnsutviklinga. Såleis var det ikkje unaturleg at fryseriet vart lagt ned



Haljan har vore eit fint tidsfordriv for mange dei seinare åra. Foto: Hanne Dokken



Ivrige haljanspelarar. Frå venstre Rolf Evensen, Hanne Dokken, Bodil Tho, Ola Tolstad, Marte Dokken og Bjørn Sandum. Foto: Mari Hoff

da heimane fekk seg frysarar sjølve, eller at det vart slutt på fellesbadning, da heimane fekk dusj. Bil som allemannseige gjorde avstandar mindre enn tidlegare, dاتateknologi har skapt store endringar på mange felt i samfunnet. Det er mange som "krev" kommunale kroner og generelt sett har vi ei sentraliseringsbølgje over oss. Som følgje av alt dette vart doktorkontoret lagt ned i 1991 og folkeboksamlinga knapt ti år seinare. Om folk flest ikkje har tapt på dette, har det vore merkbart for samfunnshuset som har mista inntekter.

Samfunnshuset i Vågå vart tidleg overteke av kommunen, slett ikkje unaturleg eller urett det heller. Men lat oss ikkje gløyme at der *dei* har sin faste plass på kommunale budsjett, med vaktmestertene nester som del av det offentlege apparatet, lyt Lalm, Sjårdalen og Midtli, ordne seg sjølve, skaffe inntekter, ordne med drift og vedlikehald, rehabilitering og ombygging der det trengs. Og på 60 år gamle hus så trengs det. Grendene er derfor heilt avhengige av at folk stiller opp, tek ansvar på friviljug basis i styre, halde basar og lotteri, stutt sagt få endane til å

møtast. Det å skape engasjement og entusiasme og mobilisere friviljug innsats er sjølvsagt eit gode i seg sjølv, men når alt er avhengige av ildsjeler er ein også sårbar. Og ikkje minst er ein heilt avhengige av eit aktivt organisasjonsliv som brukarar av samfunnshuset til sine aktivitetar. Kor lenge vil ein ha ildsjeler til dette når dei opplever at naboen slepp å lyfte ein finger?

Lalm samfunnshus må seiast å vera flinke på omstilling og nytenking. Likevel vil det vera eit spørsmål om kor langt strikken kan tøyast før den ryk.


Om ein skal avslutte med eit ynskje i jubileumsåret må det bli: Eit samfunnshus er ein viktig institusjon i lokalsamfunnet. Derfor må folk verne om det – og kommunepolitikarane lyt ta eit større ansvar for at dette skal halde fram også tiåra som kjem.




## STYYRELEIARAR

1952-58	Iver S. Ryen
1958-62	Ola H. Hanslien
1962-65	Magnus Eide
1965-67	Ola T. Reiremo
1967-69	Arthur Bråten
1967-70	Helga Eide
1970-71	Bjarne Hoff
1971-73	Ola T. Reiremo
1973-78	Magnus I. Løkken
1978-79	Kari Bjørkheim
1979-82	Sigurd Evensen
1982-84	Arve Aasbakk
1984-88	Thor Ulsletten
1988-89	Tor Erik Fjeld
1989-91	Kjell Bråten
1991-92	Kjell Snerlebakken
1992-96	Reidar Snerlebakken
1996-99	Thor Ulsletten
1999-01	Ådne Snerlebakken
2000-04	Gjermund Oihusom
2004-	Anna Karin Aamot
	Sonja Tangen
	Arjen Kuiper
	Rune Borgan Isaksen


TAKK  
TIL ALLE SOM HAR TI' EIT TAK FOR  
LALM SAMFUNNSHUS GJENNOM 60 ÅR




Ola Hanslin.  
Foto utlånt av Sigmund Hanslin



Magnus Eide.




Ola Reiremo.




Arthur Bråten.  
Foto utlånt av GD



Helga Eide.




Bjarne Hoff.



Magnus Løkken.



Kari Bjørkheim.




Sigurd Evensen.  
Foto utlånt av Eidefoss




Arve Aasbakk.




Thor Ulsletten.  
Foto utlånt av Eidefoss




Kjell Bråten.



Kjell Snerlebakken.




Reidar Snerlebakken.



Ådne Snerlebakken.



Gjermund Øihusom.



Rune Borgan Isaksen.



Lalm pensionistforening vart starta i 1973 og har vore ein god brukar av samfunnshuset. Vanlegvis er det møte kvar månad. I tillegg kjem diverse utflukter og julebord. I da har dei rundt hundre medlemmer. Her frå eit julebord der Lalm sanitetsforening stod for serveringa.

Foto utlånt av Jorunn Løkken



Tusenvis har trødd dansen på Lalm samfunnshus gjennom åra.  
Her frå ein fest i 2014. Foto: Terje Kleiven



Ola Sandums kvartett kan stå som representantar for det rike musikklivet som har vore og er på Lalm. Frå venstre: Terje Rusten, Finn Sandum, Hans Sandum, Kjetil Sandum og Ola Sandum. Foto: Terje Kleiven




Amatørteaterlaget i Sjårdalen har hatt fleire framsynningar på Lalm samfunnshus. Her er dei med «Kjøle ståk», den gongen Lalm fekk miljøgate med trafikkøy.

Foto: Arve Danielsen, Fjuken



I 2017 fekk Rune Borgan Isaksen kulturprisen i Vågå kommune, ikkje minst for sin innsats for samfunnshuset på Lalm. Ordførar Iselin Vistekleiven stod for utdelinga som var lagt til julekonserten til Lalm musikkforening.

Foto: Arve Danielsen, Fjuken



Tusenvis har trødd dansen på Lalm samfunnshus gjennom åra.  
Her frå ein fest i 2014. Foto: Terje Kleiven xxx



Bluegrasgruppa 5-Åver har underhalde i mange forskjellige samanhengar dei seinare åra. Gruppa består av (frå venstre): Iver Kleiven, Jarle Kleive, Imbert Kleiven, Martin Snerle, Andre Nessen og Jo Ivar Kleiven. Foto: Terje Kleiven



2008.05.01 12:43

Frode Sandum og Aud Haldis Kristiansen studerer gamle bilde frå Lalm. Foto: Terje Kleiven



Frode Sandum og Aud Haldis Kristiansen studerer gamle bilde frå Lalm. Foto: Terje Kleiven xxx



Riksteateret hadde fleire framsyningar i tidsrommet 1959-63.  
Foto: Kristin Bengtson



Gangen på Lalm samfunnshus er fylt av historie. Her finn vi 1000 år med kleber, utstilling om kleberindustrien på Båstad, musikkforeninga si historie, idrettslaget si premiesamling og informasjon om kvennberget og andre glimt frå grendasamfunnet.



# Hovedsponsorer



#jælmabegeistra

## VI BANKAR FOR NORDDALEN

Som lokalbank er vi rett og slett djupt imponert over dei mange driftige folka og unike kvalitetane i regionen vår.

Difor legg vi no hjarta og sjel i mottoet «Vi bankar for Norddalen» og heiar fram spanande aktørar til inspirasjon for oss alle.

Sjå alle dei fantastiske historiane på [www.sb1ls.no/vibankar](http://www.sb1ls.no/vibankar)

SpareBank 1  
LOM OG SKJÄK

## Vi støtter lokalmiljøet!

Circle K Otta  
Tlf: 61230046

Circle K Vågå  
Tlf: 61237214



Treng du ein erfaren elektriker med fokus på god service?

- El-sjekk og elkontroll
- Varmeløsninger
- Belysning
- Industri og maskiner

Vi er til for å hjelpe våre kunder, gamle som nye. Trenger du hjelp, kan du bare ringe 404 31 890. Der vil du alltid få svar!

Vi har base på Lalm, men er tilgjengelige i hele Ottadalens!

[post@belekstro.no](mailto:post@belekstro.no) - [www.blahoelektro.no](http://www.blahoelektro.no)



**Vi støtter  
lokalmiljøet!**



**GODE RÅD & BYGGEVARER.**

Siden 1938.

tlf. 61 22 00 00  
www.gaus.no

**GAUSDAL**  
LANDHANDLERI

Bunad av beste kvalitet.



**Støtt sarkoidosefondet!**

**Konto: 2085.56.53681**

Norsk Sarkoidose Forening  
postkasse@sarkoidose.no



Treng du ein erfaren snekker med fokus på god service?

- Nybygg
- Rehabilitering
- Påbygg

Sinclair Mur og Bygg AS ble startet i mars 2006 og påtar seg det meste innen bygg.

Vi er en håndverksbedrift med dyktige fagfolk som har lang erfaring. Kontoret ligger sentralt i samme bygget som Coop Marked Lalm. Inngangen befinner seg på baksiden.

Vi har base på Lalm, men er tilgjengelige i hele Ottadalen!

gjermund@sinclairmurogbygg.no  
Mobil 404 31 890



#### FERDIGARMERT BETONG

rimeligere    raskere    like sterkt

**DØNN Armert** er ferdigarmert betong som erstatter tradisjonell armering. For deg betyr det mindre arbeid og lavere totalkostnader.

Kontakt oss i dag!  
tlf 62 88 81 11, eller se [www.betongost.no](http://www.betongost.no)

Vi er miljøsertifiserte etter ISO 14001

**BETONG ØST**

[www.betongost.no](http://www.betongost.no)



*Vi hjelper deg å sette kunden i fokus*

*– og å skape resultater!*

#### Artisti AS

Kontakt oss:  
Tlf: 21 50 93 00  
[post@artisti.no](mailto:post@artisti.no)

[www.artisti.no](http://www.artisti.no)



Treng du erfarene fagfolk med fokus på god service?

- Vinterarbeid
- Vedlikehald
- Muring og etterarbeid
- Massetransport
- Maskintransport
- Grunnarbeid

Skogen entreprenør har base i Vågå, og vi leverer entreprenørtenester over hele Sør-Noreg. Ola Skogen kjøpte si første gravemaskin i 1983.

Gjennom 30 år har maskinparken vokse betrakteleg, men engasjementet for å levere solid arbeid til rett tid, og samtidig vere ein miljøbevisst entreprenør, er det same.

Kontakt Daglig leder Ola Skogen på 46 80 70 30.  
[ola@skogenentreprenor.no](mailto:ola@skogenentreprenor.no)



**Skogen bil**

Vågå, Gudbrandsdalen

**Vi støtter lokale tiltak!**

Åpningstider  
Mandag-fredag 07:30-16:00  
Lørdag: Stengt

Tlf: 61 22 22 22  
[firmapost@skogenbil.no](mailto:firmapost@skogenbil.no)  
[www.skogenbil.no](http://www.skogenbil.no)

**Lalm Handverksenter**  
-når kvalitet teller...

Ta gjerne kontakt for et uforpliktende tilbud!

Kolbotvegen 9B, 2682 Lalm  
Tlf: 61239034/99623015  
post@lalmhandverksenter.no  
www.lalmhandverksenter.no

# Oppland stål

## Sammen skaper vi tryggere veier

Oppland Stål leverer fremtidsrettede løsninger for trafikksikring av veier og broer.

FlexSafe™ er vårt nye brurekkverk, som er et nyskapende system for veisikring.

Vi er et selskap med ingeniør- og prosjektfaglig styrke, som evner å tenke nytt.

Egen lokal produksjon og et lager med godt utvalg i Gudbrandsdalen, gjør oss i stand til å levere raskt og fleksibelt over hele Skandinavia.

Både på standardprodukter og spesialdesign tilbyr vi høy kvalitet til konkurransedyktige priser.

**Oppland Stål AS**  
Telefon: 61239330  
E-post: post@opplandstaal.no  
www.opplandstaal.no



Vi lager alt av innredninger i tradisjonsell og moderne stil!

- Kjøkken - Bad
- Garderobe - Senger
- vinduer - Dører
- Restaurering



Erfaren murer som gjør alt av:

- Mur og pussarbeid
- Bad
- Skifer og naturstein
- Flisarbeid
- Peis og ildsted

Vi har base på Lalm, men er tilgjengelige i hele Gudbrandsdalen!

Telefon: 915 13 137  
E-post: kleiven65@hotmail.com

Ta kontakt for et tilbud!

# Statnett

## Vi støtter lokalmiljøet!



**Fremtiden er elektrisk**

[www.statnett.no](http://www.statnett.no)

**VÅGÅ hotel**  
FOR TRIVSEL OG VELVÆRE

Postboks 40, 2680 Vågå  
Tlf: 994 92 535  
[www.vagahotel.no](http://www.vagahotel.no)

Ditt spisested - hele året!  
Alle typer arrangement.  
Dåp  
Konfirmasjon  
Bursdager  
Slektstreff  
Minnesamvær

Svømmebasseng & Sauna  
Treningssenter



## Ottadalen Mølle

- Et selskap i Norgesførkjeden

Vi skal være ein totalleverandør av driftsmidler til landbruket. I tillegg har vi ein mengde nyttige varer til den vanlege forbrukar. Saman med god service og gode priser håpar vi du vil bruke oss.

Nokre av våre leverandørar:

Lilleborg – vaskemiddel  
Foma – høytrykksvaskere  
Husqvarna – motorsager, gressklippere, snøfreser etc  
Doggy/Bozita/VOM – hundefør  
KRAMP/Gjeteren – landbruksrekvisita/gjerdeutstyr  
Brødrene Freberg – vatningsvogner etc  
Norgesdekk – dekk og felger  
Bekken og Strøm – arbeidsklær/sko



Velkommen til Ottadalen Mølle

- alltid der for deg!

[www.norgesfor.no/ottadalen](http://www.norgesfor.no/ottadalen)  
Avd. Lom 61 21 18 20 Avd. Vågå 61 23 70 72



## Vi støtter lokalmiljøet!

**Servicetorget:** Tlf: 61293600  
E-post: [postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no)  
[www.vaga.kommune.no](http://www.vaga.kommune.no)  
[www.vågåleve.no](http://www.vågåleve.no)



# nordplan

- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

## Vi støtter lokale tiltak!

Kontakt oss:

Nordfjordeid Eidsgata 45  
Førde Langebruveien 9  
Vågå Næringshage  
Ålesund Apotekergata 9A  
  
Nordplan AS tlf. 57 88 55 00  
[www.nordplan.no](http://www.nordplan.no)

Nordplan avd. Gudbrandsdal/Vågå Tlf. 99 46 36 91



Lalm samfunnshus ihausten 2018.  
Foto: Ida Visdal Kolden, IVK Design